



Ørskog
Sparebank
- *tid til deg*

Årsrapport 2020





Innhald:
Tillitsvalde og tilsette
Hovudtal
Styret si årsmelding
Banken og lokalsamfunnet
Resultatrekneskap
Balanse
Kontantstraum
Notar
Revisor si beretning

Tilsette:
Ann Elin Skjeret
Annike Urke Brusdal
Arnhild Sollied
Eirik Kavli
Hilde Anita Furland Frostad
Heidi Vik Talberg
June Catrin Os
Julija Todosjeva
Maria Kylling Mauring
Marianne Holte Grebstad
Monica Søvik Henningsen

Morten Straumsheim
Olav Søvik Olsen
Perny Valde Brandal
Petter Vinje
Roar Nicolaisen
Sindre G. Tennfjord
Siw Kristin Pek
Maria Sollied Lande
Vegard Hafredal
Åge Per Viset
Helga Sylte

Styret:
Styreleiar: Arne Jan Sollied
Nestleiar: Torstein L. Stavseng
Styremedlem: Ingegjørd Eidsvik
Styremedlem: Ingunn S. Fladmark
Styremedlem: Siw K. Pek (tilsettes representant)

Forstandarskapen

Innskytarvalde		Valde av tilsette
Arild Bakken	Runa Klock	Petter Vinje
Torbjørn Fylling	Ronny Langset	June Catrin Os
Kine Johansen	Thea Elise Vestre Aasen	Sindre Tennfjord
Kjetil Søvik	Knut Harstad	Helga Kristin Sylte
Sturla Stavseng		
Cecilie Anett Anderson		
Rune Westerås		
Frøde Dyrkorn		

Hovudtall						
Resultat (1.000) kr	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Netto renteinntekter	50.164	50.366	44.748	41.305	41.829	40.988
Provisjonsinntekter	18.472	15.508	12.785	13.065	11.732	11.176
Resultat før skatt og tap	23.104	29.758	24.895	22.738	28.216	24.105
Tap og nedskrivninger	3.309	1.357	1.353	222	1.527	4.725
Resultat etter skatt og tap	18.427	21.239	19.305	16.969	20.498	13.840
Balanse (mill kr.)	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Utlån	2.538	2.451	2.234	2.099	2.059	1.878
Innskot	2.090	1.965	1.837	1.723	1.634	1.557
Lån i Eika Boligkreditt	649	488	440	392	297	304
Forvaltningskapital	2.995	2.809	2.579	2.526	2.342	2.203
Eigenkapital	336	311	290	272	255	236
Nøkkeltal	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Kostnadar i % av inntekter	65,28 %	56,96 %	58,30 %	61,12 %	55,50 %	51,40 %
Tap i % av brutto utlån	0,13 %	0,06 %	0,06 %	0,01 %	0,07 %	0,25 %
Res. F. skatt i % av GFK	0,80 %	1,10 %	0,97 %	0,99 %	1,17 %	0,87 %
Eigenkapitalavkastning	5,70 %	7,06 %	6,90 %	6,43 %	8,32 %	6,00 %
Kapitaldekning	21,85 %	22,49 %	22,04 %	21,93 %	23,04 %	22,67 %
Kjernekapitaldekning	19,37 %	20,45 %	19,93 %	19,75 %	20,68 %	20,18 %
Mislighald over 90 dagar i % av utlån	0,49 %	0,63 %	0,40 %	0,10 %	0,30 %	0,42 %
Vekst		2019	2018	2017	2016	2015
Utlånsvekst inkl. Eika Boligkreditt	8,44 %	9,71 %	7,34 %	5,70 %	8,6 %	0,3 %
Innskotsvekst	6,36 %	7,03 %	6,56 %	5,50 %	5,0 %	-1,9 %
Bemanning		2019	2018	2017	2016	2015
Antal årsverk	20,3	18,3	17,6	16,7	16,2	15,3

VIKTIGE HENDINGAR

Gjennomført fleire omfattande forbetningsprosjekt	God vekst i porteføljer innen forsikring og sparing
Fatta vedtak om å skifte IT-plattform	Forbetra digitale løysingar til kundane
God kundetilvekst	Høgare utbyttebetaling frå Eika
Covid-19 ga auka tap og svekka rentenetto	Reforhandla ansvarleg lån kr. 40 mill

Året 2020 – nokre ord frå banksjefen



2020 vart eit spesielt år for oss alle. Vi gjekk inn i 2020 med godt mot der sysselsetjinga var høg, arbeidsløysa rekordlåg og sola for det meste skein på norsk økonomi og nordvestlandet. Covid-19 utbrotet, og eit dramatisk fall i oljeprisen i midten av mars endra brått dette biletet.

Pandemien var ein svart svane som makroøkonomane kallar dei; hendingar som kjem brått på, gjev store konsekvensar - og som vi ikkje på førehand veit at vi skal vere urolege for. Mange verksemdar måtte stenge ned, og tilsette vart permitterte. Banken fekk si fulle hyre med å gje avdragsfritak og utvide kredittar medan vi satt på heimekontor og skulle drive heimeskule for våre eigne born samstundes. I denne fasen var banken tett på kundane, sjølv om dørene var stengte. Vi fekk her nytte av at sentralbordet var ein app, alle dokument kunne bli signert digitalt - og styremøte og forstandarskapsmøte gjekk føre seg via Skype og Teams.

Etter at det første sjokket la seg og snøen smelta like etter 17. mai, begynte både smittetiltaka og dei økonomiske redningspakkene myndigheitene hadde sett saman begynt å få effekt. Bustadmarknaden vakna til live igjen, og vi fekk til og med høve til å reise rundt og gjenoppdage Noreg vårt næraste ferieland.

Trass i at rentenettoen er svekka og tapa er litt høgare enn i fjor så leverer banken eit solid rekneskapsmessig resultat. Vi har hatt ein god vekst og fått mange nye kundar. Når vi spør dei nye kundane kva som gjorde at dei valde Ørskog Sparebank som ny bank, svarar mange at dei har fått anbefaling frå nøgde vener og kjente. Ikkje berre er dette ei stor tillitserklæring, men vi ser også at nøgde kundar blir verande i lang tid utan å bytte bank.

Utsiktene inn i 2021 er framleis usikre, men 2020 har lært oss at ting kan endre seg raskt. Når eg byrja på denne teksten vart den første vaksina mot Covid-19 satt, og medan rapporten går i trykken så er det nye utbrot og ny inngripande tiltak rundt om i samfunnet.

God bankdrift handlar om rentenetto, tap og kostnader. Med lågare økonomisk vekst og høgare ledigheit vil truleg tapa som norske bankar må ta stige litt. Lågare rentenetto og auka tap gir eit vedvarande press på kostnadssida. Samtidig skal banken investere i kompetanse, system på kvitvasking, risikostyring og styring av verksemda.

Her kjem smådriftsfordelane til Ørskog Sparebank til si rett. Vi har drivande dyktige tilsette, som kjenner kundane og lokalmarknaden. Vi har ein strategi som seier at vi skal være tett på kundane og gje personlege råd for både finansiering, sparing og forsikring. Vi er tilgjengelege på ein måte større bankar ikkje kan matche. Målingar har så langt vist at kundane er godt nøgde. I 2020 vaks utlåna med heile 8,5 %, og den solide utviklinga har vore stabil i fleire år. Eg er trygg på at strategien vår er rett, og at banken vil stå stødig i mange år framover.

Eg vil derfor nytte høvet til å rette ei stor takk til dei dyktige medarbeidarane både i banken og i Eika samt dei tillitsvalde i ulike formelle organa i banken. Grunna deira engasjement, innsats og entusiasme skal vi halde fram den gode utviklinga banken er inne i. Saman er vi sterke, og saman skal vi syte for at Ørskog Sparebank er ein solid, konkurransedyktig og sjølvstendig bank også i åra framover.

Eirik Kavli

Eirik Kavli, Banksjef

Banken og lokalsamfunnet 2020

Ørskog Sparebank har i 2020 vidareført arbeidet med ein strategisk omposisjonering for å styrke merkevara. Omposisjoneringa er eit langsiktig prosjekt for å modernisere uttrykket til banken, og legge til rette for auka kundevekst og rekruttering av ny kompetanse i framtida. I det høvet har banken gjort fleire grep. Både logo, form og uttrykk er gjort meir tidsmessig og moderne.



Lokalbankkundane vil ha personleg rådgjeving, og ønskjer seg kompetente tilsette ein kan diskutere, rådføre seg med og legge gode planar for framtida med. Å setje av denne tida – å ta seg tid til å høyre på kundane sine behov, langsiktige planar og ønskjer er difor så viktig at vi laga det nye slagordet «tid til deg». Vi skal vere tilgjengelege når kunden treng det, og i Ørskog Sparebank er alle kundar like viktige.

Vi måler det meste i banken, og er særskilt stolt over rask responstid på telefonen. Gjennomsnittleg ventetid i 2020 på telefonen er 26 sekund.



I 2020 sette vi i gong eit samarbeid med selskap som leverer byggtkniske rådgjevingstenester, til glede for dei av bankens kundar som planlegg husbygging. Det vart gjennomført ein slike byggekveld i 2020 før det vart slutt på kundearrangement takka vere utbrotet av Covid-19.



Det har vore eit utfordrande år for mange i 2020. Etter at Noreg stengte ned den 12. mars

har mange opplevd mindre sosial kontakt, og meir uro og usikkerheit. Banken kjøpte difor 3 KOMP skjermar til bruk på sjuke og aldersheimen her på Sjøholt, slik at dei eldre kunne ha kontakt med sine nære.



I januar opna banken eit nytt rådgjevingskontor i Ålesund. For første gong i bankens historie vert det opna eit kontor utanfor Ørskog. Her har vi hatt kundemøter og vært tilgjengeleg for kundane våre, sjølv om vi har hatt stengte dører i store deler av 2020. Med ei synleg plassering rett Moa auka vi fotfestet i den nye storkommunen som Ørskog no er ein del av.



Opnar kontor på Moa

Ørskog Sparebank aukar satsinga i den nye storkommunen.

Bedriftsmarknaden er eit satsingsområde for banken. Banken har rådgjevarar med lang erfaring og høg kompetanse, og ser kundane sine behov for merksemd og rådgjeving på

alvor. Vi er opptekne av at bedriftene har effektive betalingsløyser, sikrar sine tilsette og at finansane er på stell. Kompetansen ønskjer vi å ta med oss ut til verksemdene i satsingsområdet, og difor ser du ofte bankbilen vår ute på vegane.

Sponsor

Ørskog Sparebank si historie som sponsor strekk seg langt attende i tid. I 2020 dag har banken om lag 50 avtalar med organisasjonar og støtter med dette den løpande drifta. I tillegg støtter banken årleg fleire konsertar, arrangement og bokutgivingar ved å kjøpe annonser og reklame. Her er det høgtideleg innviing av ny trakkemaskin til Stordal IL/Fjellservice.



Vår sponsorstrategi går ut på å støtte aktivitetar mellom born og unge, med fokus på idrett, kultur og kunnskap. I tillegg bidreg vi til aktivitetar vi meiner bidreg til å styrke lokalsamfunnet. Dei siste åra har vi samla godt over 200 gjestar og bydd på gode føredrag, lærerike møter med kundar og bydd på lokalmat frå distriktet. I 2020 måtte vi diverre avlyse arrangementet grunna smitterisiko.

Cheerleading er ein sport på full fart opp og fram i vår region. I Ørskog IL er dette blitt den nest største idrettsgreina, og her er det jenter og gutar i alle aldrar som utfører halsbrekkande stunt.



Gåver

Banken har i alle år delt ut gåver til allmennyttige føremål til små og store lag og foreiningar i Ørskog kommune. Dei siste åra – og i takt med banken sin vekst og utviding av marknadsområde, har gåvene og blitt delt ut til lag og foreiningar i andre kommunar. Ordninga er organisert slik at banken oppmodar til å sende inn ein søknad om gåver, og så er det ein administrativt oppnemnt komité som går gjennom og gjer framlegg til fordeling av midlane. Basert på dette vedtar styret så ei innstilling som vert førelagt forstandarskapet som tek den endelege avgjerda.



Stort juletre krev mykje lys, og her gav banken kr. 10.000,- til kjøp av lys.



Konsert på Glomset.

I fjor tok vi til å rekne ut kva vi har betalt ut i sponsor og gåvemidlar til lokalsamfunnet dei siste 10 åra. Det vart ikkje lite! Her er det 12,6 millionar kroner som har funne vegen til lag og foreiningar i banken sitt nedslagsfelt.



Det er stor breidde i dei tiltaka som banken støtter opp om. I den vesle bygda Glomset har dei no også fått ein skikkeleg ballbinge, takka vere sterk dugnadsand og ein solid lokalbank.



Plan for økonomien

Mange forbrukarar synes økonomi er vanskeleg, og ønskjer å vere kunde i ein enkel lokalbank der dei kan få hjelp til å gjere gode økonomiske val. Difor har banken laga ein enkel oversikt i eit hjul med ulike kategoriar, som syner kva ulike område av økonomiske behov den einkilde kunde har. Alle kundar som er i møte med ein rådgjevar i Ørskog Sparebank møter den same plansjen som gir utgangspunktet for å leggje ein god plan for den einkilde kundes økonomi:



Økonomi i dag

Konkurransen i utlånsmarknaden er større enn nokon gang. Det kjem stendig nye kredittinstitusjonar som tilbyr lån og kreditt, med ulike rentenivå. Likevel har vi god vekst i nye kundar noko som vitnar om at vi er

konkurransedyktige. I dag kan alle kundar søke bustadlån digitalt hos oss, i tillegg til lån til andre høve som bil, mc, caravan osv. Men dei fleste føretrekk den gode praten når ein skal investere i bustad eller når andre store livshendingar inntreff, og då har vi dyktige, erfarne og kompetente rådgjevarar som står ved kunden si side – alltid.

Sikre verdiar

Mange kundar seier det er veldig oversiktleg og enkelt å samle alt av forsikring og bank på ein og same stad. I Ørskog Sparebank jobbar vi med utgangspunkt i at kundane skal være rett forsikra, og at prisen skal vere konkurransedyktig og stabil over tid. Vi nyttar ressursar på kurs og vidareutdanning av GOS sertifiserte rådgjevarar slik at kompetansen skal være på topp. I mobilbanken kan kundane enkelt for oversikt over alle forsikringsavtalar og gjere små endringar sjølve.

Framtid – Sparing

Med ein historisk låg rente er det enda fleir som har starta spareavtalar i ulike aksjefond. Kundane våre har no fondsverdiar for over kr. 100 mill! Svært mange nyttar dei kjøpsløyningane som finnes i mobilbanken, og vi har autoriserte finansielle rådgjevarar som hjelp kundane med konkrete spareråd tilpassa dei langsiktige spareplanane. På bedriftsmarknaden kan kundane spare til sine tilsette gjennom obligatorisk tenestepensjon, som vi formidlar via Eika og Danica. For mange passar bank sparing framleis best, og vi har gjennom året hatt eit særskilt konkurransedyktig fastrentetilbod. Elles er BSU – Bustadsparring for ungdom – viktigare enn nokon gang i samanheng med nye låneforskrifter frå styresmaktene, der bustadkjøparane må ha eigenkapital på 15 % av kjøpesummen.

Kvardagsøkonomi:

Mange av våre kundar bruker mobilbanken til å halde oversikt over kvardagsøkonomien. I mobilbanken har kunden full oversikt, og kan betale, sjekke saldo, ha oversikt over forsikringsavtalane, kjøpe fond, Vippse over pengar, sjekke kredittkortet, bestille hotell og leigebil og mykje meir. Kredittkort er blitt ein del av kvardagen for våre kundar, og vi tilrår bruk av kredittkort på reise og til netthandel. Alle nye kundar nyttar «Bli kunde» på nettsidene. Dette er ei nettløysing som gir kundane høve til å søke digitalt om å bli kunde. Der er automatisk legitimasjonskontroll

og AHV (antikvitvask) som kundane elles ville måtte fylt ut på papir. Det er difor ein trygg og sikker måte å bli kunde på! Gode løysingar for forsikring, fond og bustadlån digitalt er også nyhende våre kundar set stor pris på. Vi opplever at fleire og fleire nyttar seg av våre digitale tenester.



Dersom noko skulle skje

Vi har fokus på at alle – og særleg dei unge låntakarane må vite konsekvensen for økonomien dersom noko skulle skje. Rådgjevarane i banken er opptekne av at alle låntakarar har ein back-up plan dersom noko uventa og alvorleg skulle skje med økonomien som konsekvens av sjukdom, ulykker og dødsfall som gjer at inntektene minkar i hushaldet. Fleire og fleire av banken sine kundar har sett verdien av å sikre seg mot sjukdom, uføre og død.



Med kompetente og engasjerte medarbeidarar, ein solid økonomi og god vekst ser vi lyst på framtida.

Årsmelding frå styret for 2020.

Innleiing

Ørskog Sparebank har i 2020 oppnådd eit resultat før skatt og tap på kr. 23,104 millionar mot kr. 28,532 millionar i 2019. Resultat etter skatt og tap vart kr. 18,427 millionar mot 21,239 millionar i 2019. Dette gir ei eigenkapitalavkastning i 2020 på 5,68 % mot 7,06 % i 2019. Dei økonomiske konsekvensane av Covid-19 utbrotet har ført til lågare rentenetto, og auka tapsavsetnader. I tillegg er rekneskapen for 2020 belasta med kr. 4,2 mill. i ekstraordinære kostnader knytt opp til skifte av IT leverandør. Banken har i 2020, i likheit med øvrige bankar i Eika-gruppa, sagt opp avtalen med IT leverandøren SDC og gått inn på ny avtale med TietoEvry frå 2022/2023.

Banken sine innskot frå kundar auka i 2020 med kr. 125 millionar. Dette gir ein vekst på 6,4 %. Utlån inkludert lån plasserte i Eika Boligkreditt auka med kr. 248 millionar som tilseier ein årsvekst på 8,4 %.

Forvaltningskapitalen auka i 2020 med kr 186 millionar og var ved årsskiftet kr. 2,995 millionar.

Banken sin soliditet er god med ein rein kjernekapitaldekning på 19,36 % pr. 31.12.2020.

REKNESKAPEN 2020


Banken nyttar i 2020 den nye rekneskapsstandarden IFRS. Dette er ein standard som sett nye kriterier for klassifisering og måling av finansielle eigendelar. I tillegg ligg det nye modellar og krav knytta til utrekning av tap. Som følge av den nye standarden er det også eit meir omfattande noteverk i høve rekneskapen for 2020.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter vart på kr. 50,164 millionar i 2020 mot kr. 50,366 millionar i 2019. Dette utgjer 1,72 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 1,86 % i 2019.

I 2020 har banken lagt store delar av veksten i utlånsvolumet over til Eika Boligkreditt AS. Inntekter frå desse utlåna vert bokført som provisjonsinntekter. Norges Bank sette ned renta til 0 % i mars, noko som ga store utslag for banken sin rentenetto. Det har vore ei

styrking av utlånsmarginen på utlån, medan marginen på innskot er svekka. Banken har finansiert ein stor andel av utlåna på eigen balanse gjennom innskot. Konkurransesituasjonen har først i 4. kvartal gitt noko betring i innskotsmarginen. Det er tøff konkurranse om kundane, både på innskot og utlån, noko som legg press på innteninga så lenge styringsrenta frå Norges Bank er 0 %.



Utbytte og andre inntekter av verdipapir

Utbytte og andre inntekter av verdipapir vart kr. 2,906 millionar mot kr. 1,993 millionar i 2019. Dette er i hovudsak utbytte frå Eika Gruppen og Eika Boligkreditt der banken er deleigar.

Banken si obligasjonsportefølje utgjer ved årsskiftet kr. 221,3 millionar mot kr 203,8 millionar året før. Netto verdiauke på verdipapir utgjer i 2020 kr. 0,2 millionar mot eit tap på 0,2 millionar i 2019. Den positive utviklinga skuldast større svingingar i marknaden og endringar i rentenivå og kredittpåslag.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester


Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester auka med kr. 2,964 millionar og vart i 2020 på kr. 18,472 millionar. Det har vore ein auke i provisjonsinntektene frå Eika Boligkreditt grunna auka utlånsvolum, men marginen har vore under press på grunn av fallande marknadsrente og sterk konkurranse.

Banken har auka provisjonsinntektene frå betalingsformidling etter ei re-prising av banken sine tenester.

Det positive utviklinga frå 2019 frå sal av forsikringstenester har fortsett i 2020. Banken

legg vekt på heilskaplege kundeforhold der kundane samlar alle sine bank- og forsikringsbehov i Ørskog Sparebank. Dette fokuset, betre provisjonsvilkår frå Eika Forsikring og dyktige rådgjevarar, gjer at veksten i inntekter held fram. Styret er nøgd med arbeidet som er lagt ned for å auke inntektene på dette området i 2020.

Veksten kjem både frå sal av skadeforsikring og personforsikring. Styret legg vekt på at dette er risikodempende produkt for kundane, og at salet er fundert på rådgjevingssamtalar med kundane der det er kunden sitt behov som står i fokus.



Banken sine kundar sparar meir utanom tradisjonelle sparekonto, og har ei aukande portefølje av aksje-, rente- og kombinasjonsfond. Banken registrerer svakare vekst enn venta i inntektene grunna lågare honorar frå fondsaktørane. Banken ser effekt av Eika sine gode digitale løysingar, som gjer at kundane kan kjøpe og selje fond sjølve.

Andre driftsinntekter

Dei øvrige inntektene, i hovudsak husleigeinntekter, vart i 2020 på kr. 0,591 millionar mot kr. 0,642 millionar i 2019.. Ein har ikkje lukkast i arbeidet med å skaffe nye leigetakarar til ledig kontorareal i bygget i 2020. Dette arbeidet held fram i 2021.

Tap / Gevinst anleggsaksjar

I 2020 har banken skreve opp verdien av aksjeposten i Eika Gruppen etter ei utrekning av selskapet sin verdi. Effekten er ført over utvida resultat og utgjer ein vinst på kr. 1,990 millionar.

Kostnader

Løns- og administrasjonskostnader vart i 2020 kr. 42,052 millionar mot kr 35,294 millionar i 2019. Auken i kostnader skuldast fleire forhold.

Det har dei siste åra vore store IT-investeringar frå Eika Alliansen i nye dataprogram og system som skal tilfredsstille framtidige krav til effektiv saksgangs- og låneproduksjonssystem. Banken ser no effekt av investeringane ved at effektiviteten aukar.

Skifte av IT leverandør

For å halde tritt med utviklinga og syte for at banken har ein mest muleg velfungerande IT arkitektur vart det i desember 2020 gjort vedtak i Eika Banksamarbeidet om å seie opp avtalen med SDC. Avtalen går ut 2023, og frå Q4 2022 eller Q1 2023 er det venta at banken går over til TietoEvry si kjerneplattform. Frå ein tek i bruk den nye plattformen og fram til 31.12.2023 vil ein betale SDC for tenester utan at ein gjer seg nytte av dei.

Ørskog Sparebank har valt at kostnaden for perioda frå konverteringstidspunkt til utløp av avtalen med SDC, blir kostnadsført i si heilheit på tidspunkt for oppseiing av avtalen i 2020. Beløpet skal tilseie 1 års tenesteleveranse frå SDC.

SDC balansefører ein del av utviklingskostnadene som immaterielle eigendeler. Banken må dekke sin del av resterande balanseført eigendel når ein no går ut av samarbeidet.

I høve dette skiftet gjorde styret vedtak om ei kostnadsføring i 2020:

- Nedskrivning av immaterielle rettar i SDC 1,3 mill
- Konverteringskostnadar 2,9 mill

Samla årleg innsparing når banken har skifta kjernebankleverandør er førebels estimert til kr. 2,3 millionar årleg.

Andre kostnader


Banken betalar kostnader til IT leverandør SDC i danske kroner. Medio mars svekka krona seg markant mot DKK og gjorde at banken fekk ei uventa kostnadsauke på rundt kr. 0,5 mill.

Banken har ei auke i årsverk i 2020, og har rekruttert nye og kompetente medarbeidarar. Dette har styrka den strategiske posisjonen for banken som ein tilgjengeleg og personleg lokalbank med høg kompetanse.

Dei siste åra har det vore eit auka trykk på aktivitetar innanfor rapportering og etterleving av regelverk. Særleg innanfor området anti-kvitvasking bruker banken mykje tid og

ressursar på å sikre at krava som blir stilt i lovverket, blir haldne.

Kostnadene utgjorde i 2020 65,28 % mot inntektene. Dette er ei forverring frå 56,92 % førre år. Styret følgjer tett opp kostnadsutviklinga og administrasjonen arbeider kontinuerleg med å auke effektiviteten og å betre kostnadsnivået.




Tap

Bokførte tap på utlån og garantiar utgjorde netto kr. 3,309 millionar mot kr. 1,357 millionar året før. Dei bokførte tapa utgjorde 0,13 % av brutto utlån i 2020 mot 0,06 % i 2019. Tapa er i liten grad knytt opp til konkursar, eller insolvens.

Med det nye rekneskapspråket følgjer det nye reglar for tap og avsetnader til tap, og tala kan ikkje direkte samanliknast med tidlegare år. Endringar i avsetningar i steg 1 og 2 blir ført over resultatet, medan implementeringseffekten pr. 01.01.2020 er blitt ført over eigenkapitalen. I steg 3 ligg det kundar med kredittforringa og misleghaldne låneengasjement.

Som følgje av situasjonen med Covid-19 og auka risiko knytt til banken sine bedriftskundar, vart det i løpet av 2020 teke ei ekstra nedskrivning på 1,850 mill kr. utover utrekna avsetning i høve banken sine modellar. Dette er gjort med utgangspunkt i ein metodikk der ein tek utgangspunkt i risiko per bransje og sektor.

Banken har gjennom året hatt ei løpande vurdering av risikoen for moglege framtidige tap som følgje av Covid-19. Per balansedato er ein inne i ei smittebølgje nr. 2, samstundes som vaksineringsprogrammet er sett i gang. Banken har låg eksponering i utsette sektorar som reiseliv, restaurant og eventbransjen.



Tapsanslaget for år 2020 var på 0,1 % av brutto utlån medan tapa enda på 0,13 % for 2020.. For 2021 er tapsanslaget estimert til 0,1 % av utlåna.

Det ligg ikkje føre planar om endringar i banken sin policy med omsyn til kredittrisiko.

Nedskrivningar

Samla nedskrivningar utgjer i 2020 kr. 5,228 millionar mot kr. 19,050 millionar i 2019. Dette utgjer 0,21 % av brutto utlån mot 0,78 % førre år.

Dei totale nedskrivningane i 2020 fordeler seg slik:

- Steg 1 kr. 2,677 mill
- Steg 2 kr. 1,352 mill
- Steg 3 kr. 1,199 mill

På grunn av IFRS9 kan ikkje tal frå 2019 direkte samanliknast. Den store endringa frå 2019 skuldast ei restrukturering av eit engasjement som ikkje lenger er vurdert som tapsutsett. Sjå note 11.

Misleghald

Misleghald innanfor privatmarknaden er tilnærma uendra mellom 2019 og 2020. Pr. 31.12.2020 er kr. 7,880 millionar misleghalde i meir enn 90 dagar samanlikna med 8,296 millionar i 2019. Dette tilsvarer 0,31 % av brutto utlån mot 0,34 % i fjor. Banken har ikkje grunnlag for å hevde at utbrotet av Covid-19 har ført til auka misleghald då det i hovudsak er kundar som historisk har hatt betalingsvanskar som ligg i portefølja med misleghaldne engasjement.


Misleghald innanfor bedriftsmarknaden og gått ned i 2020. Pr. 31.12.2020 er kr. 4,449 millionar misleghalde i meir enn 90 dagar mot kr. 7,052 millionar i 2019. Dette tilsvarer 0,18 % av brutto utlån samanlikna med 0,29 % førre år.

Det er styret sitt inntrykk at berre eit fåtal av banken sine bedriftskundar har blitt hardt råka av Covid-19 utbrotet. Banken har innvilga avdragsfritak for nokre verksemdar, men hovudsakeleg har låneportefølja vist ei god evne til å tilpasse seg marknadssituasjonen. Det er innvilga avdragsfritak for lån tilsvarende 5,99% av brutto utlån. Forbearencemarkerte engasjement tilsvarende 1,27% av brutto utlån.

Dei misleghaldne låna er i all hovudsak sikra med pant i fast eigendom, og styret ventar avgrensa tap frå desse engasjementa.

Summen av netto misleghaldne og engasjement frå bedrifts- og privatmarknaden over 90 dagar var på kr. 12,340 millionar mot kr. 15,348 millionar i 2019. Dette utgjør 0,49 % av brutto utlån i 2020 samanlikna med 0,63 % i 2019.

Banken har fokus på å halde misleghaldet på eit lågt nivå, og arbeider tett med kundar som har finansielle utfordringar. Styret følgjer opp porteføljeutviklinga kvar måned.



Styret meiner at dei tapsvurderingane som er gjennomførte, og dei nedskrivningane som er gjort, er tilstrekkelege for den tapsrisiko som er i banken sin låne- og garantiportefølje.


BALANSEN

Banken sin forvaltningskapital auka med kr. 186 millionar, som tilseier ein årsvekst på 6,6 % til kr. 2,995 milliard pr. 31.12.2020. Tilsvarende var det i 2019 ein auke på kr. 230 millionar som tilsvarende +8,9 %. Banken sin forretningskapital, definert som summen av banken sin forvaltningskapital og utlån plassert i Eika Boligkreditt, utgjorde kr. 3,644 milliardar pr. 31.12.2020, mot 3,297 milliardar i 2019. Dette tilsvarende ein auke på 10,52 %.

Utlån

Banken sine totale utlån i balansen auka med kr. 87 millionar, tilsvarende 3,5 % til kr. 2.538 millionar pr. 31.12.2020. Tilsvarende var det ein auke i 2019 på kr. 217 millionar og 9,7 % målt mot føregåande år. I sum har banken i 2020 lån for kr. 649 millionar i Eika Boligkreditt. Utlån til personkundemarknaden auka med 9,92 %, medan bedriftsmarknaden auka med 2,22 %.

Om ein inkluderer Eika Boligkreditt har dei totale utlån auka totalt sett med kr. 248,5 millionar tilsvarende 8,45 %. Førre år var veksten på 265 millionar, tilsvarende 9,92 %.



Brutto utlån til landbruket utgjorde kr. 27,9 millionar mot kr. 29,9 millionar i 2019.

Sum garantiansvar er på kr. 41,9 millionar mot kr. 46,3 millionar i fjor. Garantiansvaret gjeld i hovudsak kontraktsgarantiar som er stilt for kundar i høve deira kontraktsplikter.


Banken har utbetalt to lån med statsgaranti, under ordninga som vart etablert i 2020. Uteståande saldo pr. 31.12.2020 er kr. 1,560 millionar.

Styret er nøgd med utlånsveksten for 2020. Banken sin vekst er i høve styret sin strategiplan, og veksten finn for det aller meste stad i banken sin geografiske hovudmarknad. Styret er også nøgd med at banken har auka marknadsandelen i ein utfordrande makroøkonomisk situasjon med sterk konkurranse om kundane.

Innskot

Banken sine totale innskot frå kundar auka i 2020 med kr. 125 millionar. Førre år vaks innskota med kr. 129 millionar. Auken frå 2019 til 2020 utgjør ein vekst tilsvarende 6,4 %. Tilhøyrande vekst var på 7,0 % i 2019. Innskotsdekninga vert målt som totale innskot i prosent av totale utlån og er 82 % pr. 31.12.2020 mot 80% i fjor.

I løpet av året har banken teke til å nytte Fixrate, som er ein børs der banken kan skaffe innskot gjennom ei alternativ kjelde til tradisjonelle kanalar. Pr. 31.12. har banken kr. 25 mill i innskot som er henta inn via Fixrate.



Norges Bank sette i mars styringsrenta til 0 % og gjennom året har den viktige marknadsrenta 3 mnd. NIBOR vore historisk låg. Norske bankar har likevel ikkje sett rentene på innskot til 0%, då dette er ei viktig finansieringskjelde for bankane trass i at rentene er låge. Det har særleg vore forbrukslånsbankar som har hatt høge renter. Dette har ført til auka konkurranse om innskot,.

Banken har dei seinaste åra finansiert mykje av utlånsveksten i Eika Boligkreditt, og då treng ikkje banken skaffe like mykje innskot for å finansiere veksten. Styret registrerer at banken sin innskotsmargin er svekka, og saman med auka bruk av Eika Boligkreditt er dette med på å forklare at rentemarginen har svekka seg gjennom året.

Verdipapir

Ved årsskiftet hadde banken sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir til ein samla verdi av kr. 221,3 millionar mot kr. 203,8 millionar førre år. Ved utgangen av 2020 hadde banken kr. 75,361 millionar i anleggsaksjar og omløpsaksjar, mot kr. 60,545 millionar ved inngangen av året. Auken i anleggsaksjar skuldast overgang til IFRS.

Av dette beløpet var kr. 0,673 millionar klassifisert som omløpsaksjar, kr. 59,535 millionar i anleggsaksjar og eigenkapitalbevis. Vidare er det NOK 15,153 mill i aksjefond.

Disponering av overskot

Disponering av overskot skjer i form av avsetjing til sparebanken sitt fond og avsetjing til gåver. Årsresultatet etter skatt og ekstraordinære inntekter vart kr. 18,427


millionar som styret gjer framlegg om vert disponert på følgjande måte:

- Overført til sparebanken sitt fond kr. 10,983 millionar
- Overført til gåver kr. 0,7 millionar
- Konsernbidrag kr. 6,744 millionar

På grunn av konvertering av gjeld til eigenkapital i selskapet Sjøholt Næringsbygg AS har Ørskog Sparebank per 31.12.2020 blitt 100 % eigar av Sjøholt Næringsbygg AS. Kapitalutvidinga der Ørskog Sparebank ble 100 % eier vart registrert i Brønnøysundregistrene den 29.12.2020. Sjøholt Næringsbygg AS har eit skattemessig framførbart underskot fra 2019 på kr 16.743.784. I høve likninga for 2020 vil Ørskog Sparebank gjere eit sirkelkonsernbidrag på kr 6.7 millionar med Sjøholt Næringsbygg AS for å nyttiggjere seg av det framførbare underskotet. Ørskog Sparebank gjev konsernbidrag til Sjøholt Næringsbygg AS med skattemessig effekt, og Sjøholt Næringsbygg AS gjev same beløp attende utan skattemessig effekt.

Kapitaldekning og eigenkapital

Rein eigenkapital (sparebanken sitt fond, gåvefond og overkursfond) var ved utgangen av året på kr. 336 millionar etter at resultatet for 2020 er disponert. Uvekta eigenkapitalandel (Leverage Ratio) utgjorde 10,21 % ved utgangen av året, mot 10,50 % året før.



Dei nye kapitalkrava etter CRD IV/Basel III vart fullt ut implementert frå 1. juli 2016. Det har kome auka bufferkrav som bankane skal kunne tære på ved tilbakeslag i økonomien og store tap. Styret gjennomfører kvart år ein kapitalvurderingsprosess med basis i ei analyse av banken sine risikofaktorar (ICAAP) og vurderer kapitalbehovet opp i mot framtidige kapitalbehov og det nye kapitalkravsregelverket. Kapitalmåla er fastsett

med ein solid margin ned mot offentlege krav, for å oppretthalde marknadsposisjonen som ein solid sparebank.

Minstekravet til rein kjernekapital er pr. 31.12.2020 på 11,50 %, og ved utgangen av 2020 har Ørskog Sparebank ein rein kjernekapital tilsvarande 19,36 %.

I 2020 har Ørskog Sparebank innfridd eit ansvarleg lån på 30 millionar og erstatta dette med eit nytt ansvarleg lån på kr. 40 millionar. Det nye lånet vart utsendt på betre rentevilkår enn det førre, og lånet går inn i utrekninga av ansvarleg kapital. Banken rapporterer ved utgangen av 2020 ein ansvarleg kapital på tilsvarande 21,85 % samanlikna med 22,49 % i 2019.

I samsvar med rundskriv 5/2020 frå Finanstilsynet er alle engasjement i samband med utvikling og utbygging av fast eigedom med føremål vidaresal med fortjeneste klassifisert som høgriisiko og med risikovekt 150 %. Dette sjølv om andelen førehandsselde kontraktar utgjør ein vesentleg andel av engasjementa.

Banken har ikkje fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet


Frå 01.01.2019 vart ein pliktig til å gjennomføre førehaldsmessig konsolidering av eigarandelar i finansføretak som deltek i ei samarbeidande gruppe. Dette i høve finansføretakslova §17-13 (2) og utfyllande føresegner i CRR/CRD-forskrifta §16 (3) og §32 (4).

Målt mot netto risikovekta utrekningsgrunnlag konsolidert på kr. 1.829.428 mill., (2019 = 1.647.958) mill. er:

- Konsolidert kapitaldekning 20,85 % (20,99%)
- Konsolidert kjernekapitaldekning 18,41 % (18,91%)
- Konsolidert rein kjernekapitaldekning 18,21 % (18,70 %)
- Konsolidert uvekta kjernekapitalandel 9,04 % (9,04 %)

Sjå også note 4. 2019 tal i parantes.

Avkastinga på eigenkapitalen etter skatt utgjorde i 2020 5,70 % mot 7,06 % i 2019.



Styret er nøgd med kapital situasjonen. Banken har ein kapitalbase som gjer banken godt rusta til vidare vekst.

RISIKOSTYRING

God risikostyring er ein viktig føresetnad for at banken skal nå sine mål. Risikostyring er difor sentral i den daglege drifta og i fokus for styret. Ørskog Sparebank sin vedtekne risikopolicy gjev ein overordna omtale av prinsippa for risikostyring i banken. Policyen er saman med dokumentet "Policy for styring og kontroll" overordna alt arbeid med risiko i banken. I tillegg er det vedteke policyar for dei viktigaste enkeltrisikoane; kredittrisiko, marknadsrisiko, likviditetsrisiko og operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen for at banken vert påført tap i samband med kredittgjeving på grunn av at kunden ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine ovanfor banken. Kredittrisiko er det største risikoområdet i banken si verksemd, og er under kontinuerleg overvaking. Gjennom 2020 har den prosentvise delen av utlån til personkundemarknaden auka, samstundes som det har vore ein bevisst strategi for banken å auke dei totale utlåna. Ein har likevel ikkje grunnlag for å sjå at kredittrisikoprofilen har auka vesentleg gjennom året. Ser ein bak tala, er det 2 einskilde bustadlån og eitt selskap som er i misleghald over 90 dagar som står for nesten heile portefølja av misleghald. Låneengasjementa er sikra med pant i fast eigedom, og banken ventar avgrensa tap på desse låna.

I høve IFRS 9 er det ein ny definisjon på misleghald samanlikna med tidlegare rekneskapsstandard NGAAP. Det er difor ikkje råd å direkte samanlikne misleghaldne volum med tidlegare år.

Banken har ei eiga kreditthandbok som omtalar rutiner, fullmakter og risikoavdekking.

Kredittrisikoen vert styrt gjennom forsiktig fullmaktsdelegering. I tillegg er det klare krav til dokumentasjon og beteningsevne for kundar som får innvilga kreditt, samt krav til tryggleik for engasjementa. Alle lån, kredittar og garantiar som ligg utanfor spesifiserte grenser for fullmaktsdelegasjonane, skal handsamast av styret.

Risiko i utlåna vert kontinuerleg overvaka for å avdekke sjansane for misleghald og for å kalkulere tap dersom misleghald skulle inntreffe. Banken sin kredittrisiko summerer seg opp til ei mengde av små enkeltrisikoar mot privat- og bedriftskundemarknaden.

Kontrollen over risikoen i portefølja skjer ved hjelp av Eika Gruppen sitt risiko-klassifiseringssystem. Her vert alle kundar klassifiserte etter sannsynleg misleghald og på bakgrunn av ei rekkje objektive kriterium. Det meste av banken si utlånsportefølje er framleis innanfor godt sikra bustadlån. I 2020 har banken hatt få misleghaldne lån, men arbeider likevel aktivt med den delen av portefølja der sjansen for misleghald er størst.

Det er etablert gode rutiner og policyar som gjer sitt til at styret vurderer kredittrisikoen for banken til å vere låg.

Marknadsrisiko:

Marknadsrisiko er risikoen for at banken får tap på verdipapirportefølja på grunn av rente- og kursutviklinga i marknaden. I banken sin policy for marknadsrisiko kjem det fram at målet med eksponering i verdipapir er å sikre ei meiravkasting utover banken sin gjennomsnittlege fundingkostnad. Banken investerer kun i obligasjonar med rating på BBB+ eller betre. Styret ser til, på grunnlag av månadlege rapportar, at banken sin strategi og retningslinjer for området vert følgde og er innanfor vedtekne rammer. Styret vurderer banken sin marknadsrisiko som moderat.

Likviditetsrisiko:

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auken i egedelar utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på egedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering.

Pr. 31.12.2020 har Ørskog Sparebank finansiert 16,1 % av forvaltningskapitalen tilsvarande kr. 482,4 millionar via finansiering frå kapitalmarknaden. Beløpet er likt som førre

år, og finansieringsgraden er 17,2 % pr. 31.12.2019.

Framandkapitalmarknadene blei råka av stor uro ved utbrotet av Covid-19 med auka risikopåslag. Banken tok difor opp eit F-lån hjå Norges Bank i april 2020 for å sikre seg rimeleg likviditet i ein uroleg marknad. Mot sommaren 2020 sto marknaden fram som attraktiv, og risikopremiane gjekk ned. Det har etter kvart vore god tilgang på likviditet. Banken har difor teke opp nye lån i marknaden. Løpetida på desse innlåna er 5 år for å minske likviditetsrisikoen ved å ha ein lang refinansieringshorisont. I tillegg til dette finansierer banken nye utlån med innskot og ved å nytte Eika Boligkreditt.

Eit viktig mål i styringa av likviditetsrisikoen er LCR (Liquidity Coverage Requirement). Dette er eit mål på banken si mengde og kvalitet på ulike typar likviditet. Krava er at banken skal ha ei mengde av likvide egedelar som tilsvarer eller overstig verdien av ein mogeleg netto kontantutgang over 30 dagar i eit visst stressscenario. Føresetnaden i eit slikt scenario er at ein viss del av kundeinnskota vert trekte ut, det blir vanskelegare å skaffe ny finansiering i marknaden, og kapitalmarknadane fungerer ikkje som normalt.

Pr. 31.12.20 rapporterer Ørskog Sparebank ein LCR på 174 %. Banken ligg, med god margin, innanfor gjeldande LCR krav på 100 %. På same tid i fjor var LCR på 148 %. Endringa skuldast at banken eig noko meir verdipapir i år enn i fjor.

Banken rapporterer NSFR (Net Stable Funding Ratio) på 138 pr. 31.12.2020, i fjor var talet 141.

Utover dette har Ørskog Sparebank også ein trekkrett i DNB Bank ASA på kr. 140 millionar. Banken har ikkje trekt på denne ramma ved årsskiftet. Banken har og ein unytta lånetilgang i Norges Bank på kr. 175,3 millionar.

Banken si likviditetsstyring vert gjennomført i samsvar med banken sin likviditetspolicy. Likviditetspolicyen vert gjennomgått og revidert kvart år av styret. Likviditeten og fundingsituasjonen vert følgd opp dagleg, og styret får hyppig rapportering. Styret vurderer banken sin likviditetsrisiko som låg.

Operasjonell risiko:

Operasjonell risiko er risikoen for tap som følge av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Tiltak knytt til operasjonell risiko skal vere basert på ein analyse av kostnad og nytte. Styret legg vekt på å ha gode rutiner og system for å førebyggje og minske den operasjonelle risikoen i banken. Dette vert utøvd mellom anna ved gjennomgang og oppdatering av interne system, rutiner, retningslinjer og beredskapsplanar.

Internkontrollen som vert gjennomført fortløpande, er eit viktig hjelpemiddel for å redusere den operasjonelle risikoen. På bakgrunn av denne rapporteringa av drifta og risikosituasjonen gjennom året, meiner styret at banken har hatt godt oversyn over den operasjonelle risikoen i 2020. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som låg.

Risikostyringa skal til ei kvar tid gi Ørskog Sparebank kontroll på dei risikoane som finst for banken. I tilfelle der risikoen er større enn det banken aksepterer, skal det straks setjast inn tiltak for å redusere denne risikoen. Det skal leggjast vekt på å ha fokus på dei risikoane som har dei største konsekvensane. Styret legg stor vekt på å ha ei fortløpande styring og oppfølging av alle risikoar som banken er eksponert for.

Gjennom eit samarbeid i Midt-Norsk Sparebankgruppe og Eika Vis har banken innført eit policybasert risikostyringssystem. Det betyr at banken har ein oppfølgings- og kontrollstruktur som skal sørge for at dei overordna rammene i strategiplanen og risikopolicyen vert følgde.

Banken nyttar fleire tenester innanfor rekneskap og rapportering som vert tilbydd av Eika Økonomiservice AS. Med auka kompleksitet og omfang innanfor rapportering til det offentlege gir tenestene frå Eika Økonomiservice ein ekstra tryggleik for at banken si rapportering er i tråd med gjeldande regelverk.

Ørskog Sparebank har sett vekk depot-tenestene til Eika Depotservice. Ein av grunnane er å minske den operasjonelle risikoen ved ferieavvikling og fråvær.

Det ligg ikkje føre konkrete planar om endringar av kredittrisikonivået knytt til utlån og garantiar for 2021.

VERKSEMDSOMRÅDER OG MARKNAD

Ørskog Sparebank er ein sjølvstendig og i norsk samanheng liten sparebank med eit breitt tilbod av produkt og tenester. Banken si hovudmålsetjing er å vere ein sjølvstendig bank som skal halde oppe lokalt eigarskap og styring gjennom lønsam og balansert vekst. Banken er lokalisert med hovudkontor i Sjøholt sentrum. Banken er organisert som ei sjøveigande stifting der ein har full styring på banken sin kapital, og der alle vedtak vert gjort lokalt.

Banken sitt primære marknadsområde er definert som kommunane kring Storfjorden, Vestnes kommune og randsona rundt Ålesund. Av utlån på eigen balanse er 85% av låna til kundar i desse områda.

77 % av banken sine balanseførte utlån er til personkundemarknaden, medan dei øvrige låna er gjevne til bedriftsmarknaden. Om ein inkluderer utlån plassert i Eika Boligkreditt, er andelen 82 %.

Banken er oppteken av å medverke til samfunns- og næringsutvikling i regionen, og har også i 2020 teke del med midlar og ressursar til verdiskaping innanfor dette området.

Strategisk allianse og samarbeidspartnarar:

Ørskog Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen, som består av ca. 60 lokalbankar, Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt, skal sikre lokalbankane moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og kostnadseffektive produkt- og tenesteleveransar. Dette inkluderer en komplett plattform for bank-infrastruktur inkludert IT og betalingstenester.

I 2020 gjekk Eika og lokalbankane inn i ein avtale med TietoEVERY om ny kjernebankløyning til lokalbankane i alliansen. Avtalen vil styrke den langsiktige konkurransekrafta for bankane gjennom effektivisering, styrka utviklingskraft og auka strategisk fleksibilitet. Bankane får ein framtidssretta IT-plattform som svarar opp til kundane sine forventningar til digitale tenester. Avtalen med TietoEVERY er venta å gi gode innsparingar og vil vere gjennomført i løpet av 2022-23.

Den ekstraordinære situasjonen i 2020 forårsaka av Covid-19 utbrotet sette mange av Eika sine løysningar og leveransar til lokalbankane på prøver det var vanskeleg å sjå

føre seg. Både IT-løysningar og infrastruktur har vist seg svært robust. Gjennom året har Eika Gruppen gitt bankane i alliansen effektive og trygge IT-løysningar og -infrastruktur. Effektive verkøy for samhandling har sikra stabilt god drift, også i periodar med mange tilsette på heimekontor.

Produktselskapa i Eika Gruppen – Eika Forsikring, Eika Kredittbank og Eika Kapitalforvaltning leverer eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysningar og tenester som hever kompetansen i lokalbanken. Eika Kundesenter og Eika Servicesenter leverer tenester som sikrar lokalbankane god og effektiv kommunikasjon med kundane.

Eika Gruppen gir Ørskog Sparebank tilgang til kompetanseutvikling med Eika Skolen, styring av verksemda gjennom Eika ViS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depottenester med Eika Depotservice. I tillegg arbeider Eika Gruppen med kommunikasjon, marknad og merkevare, berekraft og næringspolitikk for å ta vare på vår bank sine interesser også på disse områda.

Eika Boligkreditt sikrar Ørskog Sparebank langsiktig finansiering

Eika Boligkreditt er eit kredittføretak med ein forvaltningskapital på om lag 129 milliardar kroner som er eigd av 62 norske lokalbankar og OBOS. Eika Boligkreditt har som formål å sikre lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Selskapet har konsesjon som kredittføretak og finansierer utlånsverksemda ved skrive ut internasjonalt rata obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Gjennom Eika Boligkreditt får alliansebankane tilgang på svært gunstig finansiering, og kan på denne måten og halde oppe konkurransekrafta i konkurranse med andre store norske og internasjonale bankar. Eika Boligkreditt er difor ein viktig bidragsytar til at kundane i lokalbanken får konkurransedyktige vilkår på bustadlån.

LOKALMARKNADEN:

Bustadmarknaden

Utviklinga i bustadmarknaden er ein viktig drivar for etterspurnaden av lån og kreditt. Fleire store rentekutt har også gitt auka lånerammer og moglegheit for låneopptak blant kundane. I Ålesund og omegn har det vore rekordhøg omsetnad av eigedom ifølgje tal frå Eiendom Norge. Prisveksten har vore på

9 % for nye Ålesund kommune og Sula. Etter Covid-19 utbrotet har hushaldningane hatt lågare konsum knytt til reiser og ferie, medan mange har pussa opp og skifta bustad. Dette er ein av drivkreftene bak statistikken for 2020.

I Ørskog kommune har det vore auka aktivitet på nybyggmarknaden, der Idenfeltet, etter mange år med planlegging, nå er sett i gang. I den nye storkommunen Ålesund er det forventa at Ørskog skal ha eit godt utgangspunkt for å bli ein attraktiv stad å busetje seg, sidan bustadprisane er lågare her enn andre område i storkommunen.

Banken har ein aukande andel kundar i Vestnes kommune. Lokalknaden her er mellom anna prega av ordreserven på verfta, og den generelle aktiviteten i industrien. Det har vore eit relativt roleg år på eigedomsmarknaden, men banken har hatt solid vekt takka eit sterkt omdøme og gode relasjonar.

I Skodje kommune er det, og har vore fleire store bustadprosjekt som fortettar Skodje sentrum. Også i grender som Valle og Tennfjorden er det utbyggingsprosjekt som rettar seg inn mot bustadkjøparar frå andre kommunar kring Ålesund. Utbygginga av næringsparken på Digerneset held fram, og stadig nye verksemder etablerer seg her, noko som gjev ringverknader til bustadmarknaden.

Nybyggmarknaden i banken sitt primære satsingsområde ber preg av at tomtekostnadene i dei sentrale strøka har auka vesentleg dei seinaste åra, noko som har ført til dyrare bustader for folk flest. Dette kan vere med på å forklare folkeveksten i randsona rundt Ålesund. Banken ventar aukande tilflytting og nybyggaktivitet til desse områda i dei kommande åra. Banken er godt posisjonert for å ta del i denne veksten.

Næringslivet

Sjølv om banken ikkje direkte finansierer verftsnæringa så er utviklinga hos store selskap som Kongsberg Gruppen og Vard viktige for banken sine privatkundar og verksemder som er underleverandørar til næringa. Sidan oljeprisfallet i 2014 har næringa vore gjennom ei tøff omstilling som har råka alle selskap innanfor det maritime. Verfta i Vestnes og Haram leverer no i liten grad skip til olje og offshore, men har fått fleire ordar av cruiseskip og fartøy retta inn mot oppdrettsverksemda.

Turismen til Nordvestlandet har vore aukande dei siste åra, mellom anna takka vere ei svak krone. Dette gir store ringverknader til fleire av banken sine kundar som driv verksemd retta inn mot turisme og turistar. Dei siste åra har det vore ein vekst i trafikken i «skuldensesongar» før og etter sommaren. Med utbrotet av Covid-19 stoppa nær all aktivitet opp, og med unntak av ein hektisk fellesferie så har mange verksemdar blitt prega av reiserestriksjonar internasjonalt. Mange nordmenn har gjenoppdaga sitt eige ferieland i 2020, men omsetnaden veg truleg ikkje opp for omsetnaden som utanlandske turistar normalt har lagt igjen.

Innanfor varehandelen har det private konsumet auka etter utbrotet av Covid-19. Med stengde treningssenter har mange handla sportsutstyr, og utan særlege ferieplanar har fleire pussa opp hus og heim.

Arbeidsløysa i banken sitt nedslagsfelt har auka mykje i løpet av 2020. Ved årsskiftet i fjor var det registrert ei arbeidsløysa på 1,7 %, og i desember 2020 var det 1921 heilt eller delvis ledige i Ålesund kommune. Dette utgjer 5,3 % av arbeidsstyrken. I Vestnes er det 171 ledige tilsvarande 5 % av arbeidsstokken i følgje tal frå NAV.

Styring av verksemda

Eigarstyring og selskapsleiing i Ørskog Sparebank byggjer på Finanstilsynet sin modul for overordna styring og kontroll. Banken har tilpassa foretaksstyring i høve til dette rammeverket så langt det passar. Prinsipp og policyar som skal leggjast til grunn vil sikre at verksemdsstyring er tilpassa lover og forskrifter. Samtidig er det lagt opp til at verksemdsstyring skal tilpassast banken sin kompleksitet og omfang. Dette skal sikre forsvarleg formueforvaltning over tid og at banken sine ulike interessegrupper vert ivaretatt på ein god måte.

For å utvikle god tillit mellom banken og dei viktigaste interessegruppene, treng ein gode styringssystem for verksemda:

- Eit kompetent og uavhengig styre
- Gode interne styringsprosessar
- Ein objektiv og uavhengig eksterne revisor
- Open og god kommunikasjon med tilsette, media, finanstilsyn og omgjevnadene elles

- Gode interne rutiner for å etterleve strenge etiske prinsipp

I 2020 har det vore i alt 12 styremøte. Fokusområda har vore oppfølging av drift, strategi, risiko, kapitalstyring, marknad, utfordrande engasjement og rammevilkår. Det er utarbeidd ein eigen årsplan for styret sitt arbeid. Det vert lagt vekt på tilstrekkeleg kunnskap og utvikling av kompetansen mellom styret sine medlemmar. Styret er forstandarskapet sitt organ for å vedta den strategiske retninga og å utøve kontroll med den operative drifta av banken. Styret består av fem medlemmar der fire av medlemmane og to varamedlemmar er valde av forstandarskapet. I styret sitt det 3 kvinner og 2 menn. Eitt medlem og eitt varamedlem vert valde av og mellom banken sine tilsette. Det vert lagt vekt på å ha eit kompetent og uavhengig styre. Banksjef er ikkje medlem av styret. Styret gjennomfører årleg ei strategisamling, der banken sitt strategidokument vert revidert. Godtgjering til styret er avgrensa til styrehonorar.

I høve lovverket har styret etablert eit risiko- og revisjonsutval. Utvalet har vurdert ansvarleg revisor si uavhengigheit og meiner det ikkje ligg føre noko som kan utgjere ein trussel eller som kan svekkje ansvarleg revisor sin integritet overfor Ørskog Sparebank.

Dei siste åra har det vore ein sterk auke i rapporterings- og dokumentasjonskrav knytt til kontrollregimet som norske bankar er underlagt. I tillegg til å ha sett vekk depot og nytte seg av tenestene til Eika Økonomiservice, er det styret si vurdering at banken har den naudsynte kapasitet, kompetanse og kultur til å sørge for god føretaksstyring.


Det er no eit stort fokus på risiko for anti-kvitvask og terrorfinansiering både internasjonalt og nasjonalt. Nytt lovverk blei vedteke i 2018, og banken har i løpet av 2020 arbeidd grundig med dei nye systema som er implementert for å avdekke mistenkjelege transaksjonar.

Reglane kring personvern (GDPR) står framleis på dagsorden. Også i 2020 har banken arbeidd aktivt med å skanning av gjeldande kundeavtaler, og sletting av eldre og utgåtte avtalar frå det fysiske arkivet. Saman med Eika er det etablert nye rutiner som sikrar kundane sitt eigarskap til eigne data. Banken arbeider kontinuerleg for å tilpasse drifta til dei nye reglane.

Banken sitt forstandarskap har 16 medlemmar og er sett saman av 12 kundevalde og fire valde av og mellom dei tilsette. Andelen kvinner er 38% og menn 62%.

Tilsette og arbeidsmiljø:

Banken blir leia av banksjef Eirik Kavli, som tok til i stillinga i mai 2012. Ved utgangen av 2020 har Ørskog Sparebank 21 tilsette i heiltidsstillingar. I sum har banken 20,3 årsverk mot 18,3 årsverk ved førre år. Banken har leiarar med resultat- og personalansvar for høvesvis Personmarknad, Kundeservice og Bedriftsmarknad & Forsikring.



Frå 01.02.2020 er det tilsett ytterlegare ein medarbeidar årsverk på kundeservice, for å styrke kapasiteten innanfor anti-kvitvaskarbeidet. Bankens tilsette ny økonomisjef i 2020.

Styret i banken er oppteke av å fremje likestilling og hindre forskjellshandsaming i strid med lov om likestilling mellom kjønna. Sjukefråværet for 2020 er på 3,46 % samanlikna med 1,62 % i 2019.

Dugande, motiverte og kompetente medarbeidarar er ein føresetnad for at banken skal kunne nå sine mål. Difor er det høg prioritet på å leggje til rette for samarbeid, engasjement, trivsel og kompetanseheving gjennom mellom anna godt arbeidsmiljø og interessante arbeidsoppgåver.

Det er ikkje gjennomført aktivitetar definert som forskings- eller utviklingsarbeid i 2020.

Arbeidstakar sine rettar og sosiale tilhøve

Bankens sin strategiplan definerer at eit satsingsområde skal vere nøgde, kompetente og motiverte tilsette. Det har dei siste åra vore få oppseiingar frå tilsette, og banken har lojale tilsette som har arbeidd i banken i mange år. Bankens ønskjer å ha langsiktige tilsetjingsforhold gjennom å gi

konkurransedyktige, forutsigbare og trygge vilkår. Bankens har gode forsikrings- og pensjonsordningar.

I Ørskog Sparebank blir organisering i fagforeiningar verdsett, og nær alle tilsette er medlemmer i Finansforbundet. I forstandarskapet – bankens øvste organ – er 25% av medlemmane tilsette i banken. I tillegg er eitt av styremedlemmane valde mellom dei tilsette.

Det har ikkje vore ulukker eller skader på arbeidsplassen i løpet av året. Gjennom bankens sin bedriftsavtale er det lagt til rette for at senior medarbeidarar skal finne det attraktivt å arbeide heilt fram til ordinær pensjonsalder. Styret si vurdering er at arbeidsmiljøet er godt.

Bankens legg til rette for at tilsette skal ha god helse og ha så få fysiske plagar som råd er. Difor har ein kjøpt inn hev-senk pult til fleire tilsette, og alle tilsette får tilbod om delvis dekking av månadsavgift på helsestudio. Bankens har og ei helseforsikring som sikrar rask behandling hos fysioterapeut eller kiropraktor, eller anna behandling dersom det er naudsynt. Ein har og avtale med Medi3 for medisinsk oppfølging gjennom bedriftsavtalen.

I 2020 har dei tilsette hatt fleire periodar med heimekontor, når råda frå styresmaktene har tala for at dette har vore tilrådeleg.

Likestilling og diskriminering

Bankens sin målsetting er at tilsette uavhengig av alder, kjønn, rase, religion, nasjonalitet eller sivil status skal bli motivert til å ta leiande stillingar og søke utfordringar. Det er bankens si haldning at tilsette, uavhengig av kjønn skal bli handsama likt og bli gitt like sjansar til utvikling. Bankens nyttar seg aktivt av dei anbefalingane som Finans Norge har knytt til val av tillitsvalde til forstandarskapet, komitéar og til styret. Det er bankens si haldning at alle tilsette skal bli gitt like moglegheiter og rettar. Det er ikkje vurdert som naudsynt å sette inn tiltak i høve til diskriminering.

Utdanning

Eit riktig, og høgt kompetansenivå er eitt av bankens sine viktigaste konkurransefortrinn. Utvikling og vedlikehald av kompetansenivået i bankens er difor eit prioritert område. Eika Skolen er bankens sin eigen skule for utvikling av dei tilsette og der blir ein tilbydd eit breitt spekter av kurs, samlingar, e-læringar og web-

baserte treningsmodular. Banken har nedfelt i strategiplanen at ein skal ha kontinuerleg fokus på kompetanse og utvikling tilpassa den einskilde sine behov og planar. Styret er nøgd med at det i banken er kultur for å dele kunnskap med kvarandre.

I banken si avdeling for privatmarknaden er dei fleste rådgjevarar autoriserte innan sparing og kreditt, og vi har 5 autoriserte forsikringsrådgjevarar. I 2020 har fleire tilsette blitt sertifisert innan personforsikring.

Berekraft og samfunnsansvar

Ørskog Sparebank sitt arbeid med samfunnsansvar er gjenspegla i banken sitt strategiske rammeverk, visjonen, verdiane, retningslinjene og rutinane våre. Det strategiske rammeverket tek omsyn til konsekvensane av banken sin verksemd. Banken tar samfunnsansvar basert på ei aktiv haldning til tradisjonelle sparebankverdiar. Som sparebank skal banken representere det trygge og sikre. Banken skal i denne samanheng både ta samfunnsmessige og bedriftsøkonomiske omsyn. Banken sin soliditet med god inntening er den beste garanti for at banken skal kunne dekke sin framtidige funksjon i samfunnet.

Banken har eit ansvar for å unngå å medverke til miljøødeleggingar, korrupsjon eller brot på grunnleggjande menneske- og arbeidstakarrettar. For banken handlar samfunnsansvar særleg om å ta slike omsyn i investeringar og lån. Tillit fra omverda og godt omdøme er viktig for banken. Banken sine interessentar ventar at banken utøver rolla si som ein ansvarleg samfunnsaktør. Banken sine retningsliner for berekraftig verksemd og samfunnsansvar handlar om korleis vi innverkar menneskje, samfunn og miljø. Det å skape verdiar og vere lønnsam er ei av våre samfunnsroller, og slik kan vi bidra til vekst og utvikling i samfunnet. Kva måte vi tener pengar er ikkje likegyldig. Val av produkt, leverandør og tenester skal ikkje gå på bekostning av menneske, etikk eller miljø. Det er ei sjølvfølge at banken etterlev lover og forskrifter, og banken skal ha høg etisk medvit. Banken sine retningsliner for berekraftig verksemd og samfunnsansvar skal vere kjent for alle tilsette.

Banken sine handlingsreglar for berekraftig verksemd og samfunnsansvar

Banken har utarbeidd handlingsreglar for korleis banken skal halde oppe samfunnsansvaret:

Klima og miljø

Banken skal vere ansvarleg med tanke på klima og miljø. Vi skal ha gode rutiner for bruk og handsaming av papir, sortering og gjenvinning av elektronikk/IT-utstyr. Banken nyttar miljøvennlege produkt, og vi nyttar videokonferansar/webmøter der dette er mogleg. Banken disponerer ein hybridbil til køyring i kundemøter. Reiseaktiviteten har minka i 2020 grunna Covid-19.

Menneskerettar

Det er skreve ned i banken sin forretningsetikk at Ørskog Sparebank ikkje skal bidra i forretningar og prosjekt som utgjer ein uakseptabel risiko for at vi medverkar til uetiske handlingar eller unnlatingar. Banken støttar og respekterer vern av internasjonal anerkjende menneskerettar. Banken skal respektere alle menneskerettar slik dei er skrivne i FN sine prinsipp for næringsliv og menneskerettar, og ønskjer det same av selskapa vi låner pengar til.

Økonomisk kriminalitet

Banken skal arbeide mot økonomisk kriminalitet på bakgrunn av risikovurderingar og oppfølging av antikvitvask-området, mistenkelege transaksjonar og moglege svindelsaker. For at banken ikkje skal bli brukt som et verkemiddel til kvitvasking, finansiering av terror eller dødelege våpen, har banken ei rekke tiltak. Banken sine rutiner og retningsliner baserer seg på kvitvaskingslova, med tilhøyrande forskrift og rundskriv frå Finanstilsynet. Våre hovudoppgåver knytt til dette er å gjennomføre risikovurderingar, gjennomføre kundekontroll, undersøke mistenkelege transaksjonar og kundar, samt rapportere mistenkelege transaksjonar til Økokrim.

Skatt

Banken skal ikkje investere i selskap eller gje kreditt til kundar som organiserer si verksemd i såkalla skatteparadis eller som ikkje rapporterer si verksemd i land dei opererer i. Ein forventar også at banken sine kundar er opne om sine eigarstrukturar, at dei organiserer si verksemd på ein slik måte at dei gjenspeiler reell produksjon/verdiskaping, og ikkje nyttar smutthull i lovverket for å unngå beskatning ved bruk av skatteparadis. Det inneber også at selskapa har prosedyrar for å sette inn tiltak ved mistanke om at tilsette eller

leverandørar har gjort seg skuldige i å legge til rette for unndraging av skatt.

Korrupsjon

Med korrupsjon meiner vi å bestikke eller ta imot bestikkingar i form av pengar, gåver eller tenester. Banken har nulltoleranse for korrupsjon. Dette gjeld internt i banken, hos banken sine kundar, i selskap banken investerer i, hos våre fondsleverandørar og hos leverandørar til banken sine egne innkjøp.

Berekräftig eigarskap og investeringsstrategi

Banken skal sikre ansvarleg og berekräftig eigarskap gjennom egne retningslinjer for eigarstyring. Banken skal ikkje å investere i selskap som etikkrådet i Statens pensjonsfond utland fråråder.

Lokalt engasjement

Banken skal forvalte dei midlar ein rår over på ein god måte, og den skal bidra aktivt til lokalsamfunnet. Den skal ta initiativ til og støtte lokale berekräftige tiltak som skaper vekst og utvikling i lokalsamfunnet. Dette gir banken grunnlag for vidare utvikling og inntening. Gjennom den årlege gåvetildelinga skal banken bidra positivt til lokalsamfunnet. Gjennom sponsoravtalar stiller banken med midlar til drift og utvikling av tilbod som frivillege organisasjonar legg til rette for.

Kundar

Banken skal møte kundane med respekt og eit vennleg smil, og finne gode løysingar som både tener kunden og banken. Marknadsføring og rådgjeving av sal av produkt og tenester skal skje på ein etisk måte, med basis i sakleg og korrekt informasjon, i samsvar gjeldande lover og reglar. Prisane for dei viktigaste tenestene skal vere tilgjengelege på banken si heimeside og i banken sine lokale. Banken sin informasjon til kundane ved tilbod om produkt og tenester skal vere nøyaktig, forståeleg og påliteleg, og aldri bevisst vere tvitydig eller eigna til å villeie ein kunde. Banken skal oppfylle krava i personvernforordninga. Forordninga stiller mellom anna krav om at kundar og tilsette har rett til å krevje sletting av egne personopplysningar (retten til å bli gløymt), samt rett til å ta med seg sine personopplysningar (dataportabilitet) til ei anna verksemd.

Nulltoleranse for diskriminering

Banken skal aldri diskriminere kundar på grunn av alder, kjønn, rase, religion, nasjonalitet eller sivil status. Det er eit grunnleggjande prinsipp i banken sin personalpolitikk at kvinner og menn skal ha lik moglegheit for å kvalifisere seg til alle typar oppgåver, og at moglegheitene i karrierar skal vere likt. Dette gjeld uavhengig av alder, etnisitet, kva land ein kjem frå, avstamming, hudfarge, språk, religion, legning, kjønn, livssyn eller funksjonsevne.

Berekräftige innkjøp

Banken skal nytte leverandørar som er opptatt av samfunnsansvar, og som produserer varer og tenester på en lønnsam, anstendig og berekräftig måte. Barnarbeid er uakseptabelt. Det er viktig at banken sine leverandørar driv redeleg og skikkeleg med ordna arbeidsforhold. Det gjeld også for banken sine leverandørar av finansielle investeringar, Banken handlar i stor utstrekning lokalt, og aksepterer innanfor visse rammor å betale ein meirpris for å støtte lokalt næringsliv.

Kredittgiving

Banken skal i si kredittgjeving ta omsyn til formålet med kreditten, og om kunden driv ansvarsfull verksemd. Dette betyr mellom anna at varer og tenester blir produsert på ein berekräftig måte, om kunden respekterer grunnleggjande menneskerettar og om kunden forureinar miljøet. Banken skal også sikre ansvarleg kredittgiving gjennom å auke verksemdene si medvit og praksis rundt tema som miljø, etikk, samfunnsansvar, forretningsdrift og eigarstyring. Banken skal ikkje yte kreditt til desse bransjane: våpen, tobakk, pornografi, spel, kull og atomkraftproduksjon.

Banken sine konkurrentar

Banken skal stå fram med respekt og ei redeleg tilnærming til konkurrentane. Informasjon som banken gir om seg sjølv, sine produkt og om sine konkurrentar, skal vere korrekte.

Medarbeidere og trivsel

Banken har låg «turnover» og har mange lojale tilsette som har arbeidd i banken i mange år. Banken ønskjer å ha langsiktige tilsetjingsforhold gjennom å gi konkurransedyktige, forutsigbare og trygge

vilkår. Banken har gode forsikrings- og pensjonsordningar.

Banken sine tilsette og dei valde representantane skal få rettidig informasjon og opplysningar som dei etter lov, forskrift, vedtekter og internt regelverk har krav på. Banken skal skape eit triveleg og motiverande arbeidsmiljø, med gjensidig tillit og samarbeid.

Etterlevelse

Dersom banken oppdagar at kundar, leverandørar og selskap banken har lånt pengar til, ikkje handlar i tråd med banken sine forventningar på berekraft, miljø og samfunnsansvar, vil banken opprette dialog med selskapet for å sjå om det er råd å endre praksis. Viss selskapet held fram med å bryte banken sine krav, kan det bety at banken startar ein prosess med å avvikle kundeforholdet.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Etter 31.12 har banken selt 30.000 aksjar i Sjøholt Næringsbygg AS, og eig no ca. 73 % av aksjane i selskapet, jamfør note 37 til rekneskapen.

FORTSATT DRIFT

Styret ser positivt på banken si vidare drift, og ser føresetnadene for vidare drift og ytterlegare utvikling av banken som å vere til stades. Styret meiner at den framlagte årsrekneskapen syner eit rett bilde av banken si stilling pr. 31.12.2020. Det er heller ikkje hendt forhold etter regnskapsårets slutt som påverkar dette. Rekneskapen er framlagd under føresetnad av vidare drift.

Annleisåret 2020 - og utsikter til 2021

2020 var året som lærte oss å takle det uventa. Store delar av norsk økonomi vart stengt ned 12. mars i kampen mot Covid-19 utbrotet. Denne kampen blei ført med varierende styrke året ut. BNP for Fastlands Noreg gjekk ned med om lag 3 %, trass i at Norges Bank kutta folioenta til null. Regjeringa la om finanspolitikken i ei ekspansiv retning for å stogge ein sterkare nedgang i den økonomiske aktiviteten.

Arbeidsmarknaden vart prega av nedgangskonjunkturen, og arbeidsløysa steig frå 3,9 % ved inngangen av året til 5,2 % i årets siste kvartal, jamfør Statistisk Sentralbyrå.

Overskotet i utanrikshandelen med varer og tenester vart på kr. 10 MRD, det svakaste overskotet sidan slutten av 1980-tallet. I løpet av året var det enorme svingingar i oljeprisen og kronekurs. Oljeprisen, målt ved Brent Blend, gjekk ned til under 25 USD per fat på det lågaste, men henta seg inn til over 50 USD per fat mot slutten av året. Rentenedgang og svakare utanriksøkonomi prega valutamarknaden. Kronekursen viste uvanleg stor volatilitet. På det svakaste var kronekursen meir enn 20 % ned frå inngangen av året. I sum slutta 2020 med ein gjennomsnittleg kronekurs som var 6,7 % svakare enn året før, målt mot i-44 indeksen. Bustadmarknaden sto fram som sterk i 2020 med ein vekst på landsbasis på 3,9 % som gjennomsnitt for året. Mesteparten av veksten kom mot slutten av året, noko som peikar mot eit sterkt år for bustadmarknaden i 2021.

Kredittmarknaden vart ramma av den økonomiske nedgangen, men dei økonomiske tiltaka frå styresmaktene bidrog til å auke den økonomiske veksten. Kredittveksten heldt seg godt oppe, trass i eit tilbakeslag i Norsk økonomi. Gjeldsveksten i 2020 vart om lag 4,8 % for hushaldningar, og 3,6 prosent for ikkje-finansielle føretak i fjerde kvartal. Styresmaktene sine grep med rentekutt og ulike støtteordningar gjorde at antal konkursar ikkje auka særleg. Per november var det 3240 konkursar, ned frå 3700 i same periode i 2019.

Utsiktene for norsk økonomi 2021 er gode, om ein legg til grunn at kampen mot smitte og at vaksineringsprogrammet mot COVID-19 går føre seg som planlagt. Av norske handelspartnarar trur ein at det vil bli ein konjunkturoppgang i løpet av året, noko som vil hjelpe råvareprisar og gi Noreg ei betring i utanrikshandelen. BNP-veksten i Noreg er venta å hente inn noko av det tapte frå 2020, men arbeidsløysa vil truleg halde seg på et klart høgare nivå enn før koronapandemien kom til Noreg.

Ein ventar at løns- og prisveksten blir moderat. Dette gir Noregs Bank moglegheit til å halde folioenta uendra ut året. Kronekursen er medio januar ca. 4 % sterkare enn den var i fjor. Dette er nok eit argument for at renta vil bli uendra ut året.

Ein antar at kredittveksten blir på eit moderat nivå, då behovet for investeringar i næringslivet vil vere prega av koronapandemien, medan hushaldningane sine låneopptak blir avgrensa av liten vekst i løner

samt forskrifta om forsvarleg bustadfinansiering. Bustadprisane vil truleg vekse om lag i same takt som fjoråret.

Finanspolitikken vil truleg bli prega både av tiltak for å hjelpe hushaldningane og bedriftene gjennom det som vi vonar er siste fase av koronakrise. Truleg vil regjeringa gi støtte til at norsk økonomi kan snu frå krise til konjunkturoppgang i løpet av året.

For Ørskog Sparebank er utviklinga innanfor arbeidsmarknaden og bustadmarknaden mellom dei viktigaste drivarane for banken si økonomiske utvikling. Arbeidsløysa i banken sitt nedslagsfelt er låg, og vi oppfatar den generelle privatøkonomiske situasjonen som god. Banken si oversikt over misleghald og overtrekk syner at kundane jamt over har god økonomi, med framleis utsikter til låg rente og gode løner. Av banken sine kundar finn vi ikkje mange som arbeider innan luftfart, eventbransjen og bar/restaurant som er dei hardast råka næringane pr. dato.

Rundt det sterke regionsenteret Ålesund ligg variert industri, gode kommunikasjonar og mykje kompetent arbeidskraft som gjev høve for etablering av fleire verksemder og nye arbeidsplassar i området. Banken si hovudeksponering ligg mot denne marknaden. Banken har sett i verk fleire strategiske og operative tiltak for å oppnå ein auka utlånsvekst i tida framover. Mellom anna etablerte banken i 2020 eit rådgjevningskontor på Moa. Banken kjem med dette tettare på ein stor del av kundegruppa. Dette har vore eit viktig tiltak for å sikre fortsett lønsam vekst.

Banken har og i 2020 fått mange nye kundar basert på referansar, positiv omtale og tips frå andre nøgde kundar. Styret er opptekne at banken held fram den langsiktige jobben for å bygge oppunder eit solid omdøme som ein påliteleg, ryddig, effektiv og serviceinnstilt bank. Banken vil halde fram arbeidet med å reindyrke og spisse sin posisjon i marknaden som ein fleksibel, offensiv og serviceinnstilt bank som skal auke kundemassen.

Andre viktige fokusområde vil vere betre lønsemd, betre salsresultat og god kvalitet på arbeidet i alle ledd. Vidare vil ein i 2021 arbeide med tiltak som styrker verksemdsstyringa.

I takt med auka omfang av rapportering til myndigheitene, meir omfattande rekneskapskrav og kontrolloppgåver, ventar styret at banken må bruke mykje ressursar på

desse områda også i 2021. Med det komande skiftet av IT system meiner styret at banken er godt rusta for å handtere framtidige utfordringar. Det er eit overordna mål for styret at banken har god kostnadskontroll, ei nøktern drift og organiserer seg på ein rasjonell og effektiv måte som kjem kundane til gode. Styret ventar framleis høg konkurranse særleg på personkundemarknaden, men har forventningar om at banken sitt gode omdøme, produktspekter og kompetente tilsette vil gi eit auka forretningsvolum og eit framhaldande godt sal av banken sine produkt. Styret har og ein klar ambisjon om å auke talet på bedriftskundar.


Ørskog Sparebank ønskjer å vere ein viktig bidragsytar til lokal samfunns- og næringsutvikling. Sponsoravtaler, gåver og andre aktivitetar vil også framover bidra til dette. Med ei robust finansiell plattform, høg kompetanse og engasjerte medarbeidarar står banken godt rusta til vidare positiv utvikling.

Styret trur at den positive utviklinga for banken vil halde fram i 2021 og legg opp til ein kontrollert utlånsvekst på linje med den oppnådde veksten for 2020. Styret har difor grunn til å forvente eit godt økonomisk resultat for banken i 2021. Styret vil fortsette arbeidet for at Ørskog Sparebank skal vere ein sjølvstendig regional sparebank med sterk tilknytning til lokalsamfunnet.

TAKK

Styret ønskjer å takke kundar og samarbeidspartnarar for tillit, samarbeid og god oppslutning om banken gjennom året. Styret er nøgd med den positive utviklinga i banken, og ønskjer også å takke alle tilsette og tillitsvalde for innsatsen i 2020.

Ørskog 31.12.2020 / 02.03.2021



Arne Jan Sollied

Styreleiar



Siw Pek

Tilsette sin repr.



Torstein L. Ståvseng

Nestleiar



Ingegjerd Eidsvik

Styremedlem



Ingunn S. Fladmark

Styremedlem



Eirik Kavli

Banksjef

Resultatregnskap

<i>Ordinært resultat - Tall i tusen kroner</i>	Noter	2020	2019
Renteinntekter fra eiendeler vurdert til amortisert kost	Note 18	76.794	84.681
Renteinntekter fra øvrige eiendeler	Note 18	2.906	4.155
Rentekostnader og lignende kostnader	Note 18	29.536	38.470
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	Note 18	50.164	50.366
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	Note 19	18.472	15.508
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester	Note 19	2.194	1.496
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter	Note 19	2.906	1.993
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 19	230	-98
Andre driftsinntekter	Note 19	591	642
Netto andre driftsinntekter	Note 19	20.004	16.549
Lønn og andre personalkostnader	Note 20	19.227	17.760
Andre driftskostnader	Note 21	22.825	17.534
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler	Note 30	1.704	1.740
Sum driftskostnader		43.756	37.034
Resultat før tap		26.413	29.880
Kreditttap på utlån, garantier mv. og rentebærende verdipapirer	Note 11	3.309	1.357
Resultat før skatt		23.104	28.523
Skattekostnad	Note 22	4.677	7.284
Resultat av ordinær drift etter skatt		18.427	21.239
 <i>Utvidet resultat - Tall i tusen kroner</i>			
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over utvidet resultat: Note 27		1.990	
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		1.990	0
Sum utvidet resultat		1.990	0
Totalresultat		20.417	21.239

Balanseoppstilling

Tall i tusen kroner	Noter	2020	2019
Kontanter og kontantekvivalenter	Note 15, 24	4.310	4.549
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralba	Note 23, 24	134.144	80.928
Utlån til og fordringer på kunder til amortisert kost	Note 6,7,23,24	2.538.079	2.435.588
Rentebærende verdipapirer	Note 23,24,25	221.328	204.428
Finansielle derivater	Note 23,28	31	0
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 23,26,27	75.361	60.545
Varige driftsmidler	Note 30	11.694	13.331
Andre eiendeler	Note 31	9.860	7.280
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		0	3.000
Sum eiendeler		2.994.807	2.809.648

Balanse - Gjeld og egenkapital

Tall i tusen kroner	Noter	2020	2019
Innlån fra kredittinstitusjoner	Note 23,32	254.732	182.948
Innskudd fra kunder	Note 23,24,33	2.090.536	1.965.849
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 23,34	250.523	301.139
Finansielle derivater	Note 23,28	318	0
Annen gjeld	Note 35	12.975	8.773
Pensjonsforpliktelser	Note 35	2.938	2.591
Betalbar skatt	Note 22	6.496	7.270
Andre avsetninger		185	0
Ansvarlig lånekapital	Note 34	40.079	30.259
Sum gjeld		2.658.782	2.498.828
Fond for urealiserte gevinster	Note 27,38	9.483	0
Sparebankens fond	EK oppstilling	326.542	310.820
Sum opptjent egenkapital		336.025	310.820
Sum egenkapital		336.025	310.820
Sum gjeld og egenkapital		2.994.807	2.809.648

Ørskog 31.12.2020 / 02.03.2021


Arne Jan Sollied

Styreleiar


Torstein L. Stavseng

Nestleiar


Ingunn S. Fladmark

Styremedlem


Siw Pek

Tilsette sin repr.


Ingegjerd Eidsvik

Styremedlem


Eirik Kavli

Banksjef

Kontantstrømoppstilling – Direkte metode

Tall i tusen kroner	Noter	2020	2019
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter			
Netto utbetaling av lån til kunder		-105.800	-217.454
Renteinnbetalinger på utlån til kunder		76.584	83.028
Overtatte eiendeler		2.880	-3.000
Netto inn-/utbetaling av innskudd fra kunder		124.687	129.093
Renteutbetalinger på innskudd fra kunder		-19.682	-26.186
Netto inn-/utbetaling av lån fra kredittinstitusjoner/innskudd i kredittinstitusjoner		71.784	29.419
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjoner/renteinnbetalinger på innskudd kredittinstitusjoner		209	286
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner		-16.900	26.642
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjoner		2.906	3.955
Netto provisjonsinnbetalinger		16.278	14.012
Verdiendring på finansielle instrumenter og valuta		-676	179
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringer i verdipapirer		109	-23.666
Utbetalinger til drift		-41.542	-37.931
Betalt skatt		-6.812	-5.984
Utbetalte gaver		-755	-805
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		103.271	-28.412
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter			
Utbetaling ved investering i varige driftsmidler	Note 30	-127	-1.914
Innbetaling fra salg av varige driftsmidler	Note 30	60	61
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapirer		-1.895	-5.649
Innbetaling fra salg av langsiktige investeringer i verdipapirer		54	228
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer		2.906	1.993
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet		998	-5.281
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter			
Netto inn-/utbetaling ved utstedelse/forfall gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer			
Innbetaling ved utstedelse av verdipapirgjeld	Note 34		100.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	Note 34	-50.000	-50.000
Renteutbetalinger på gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer		-5.596	-6.327
Innbetaling ved lån fra kredittinstitusjoner			
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner			
Renter på gjeld til kredittinstitusjoner			-4.023
Netto inn-/utbetaling ved utstedelse/forfall ansvarlige lån			
Innbetaling ved utstedelse av ansvarlig lån	Note 34	40.000	
Utbetaling ved forfall ansvarlig lån	Note 34	-30.000	
Renteutbetalinger på ansvarlige lån		-1.195	-697
Innbetaling ved utstedelse av fondsobligasjonskapital			
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital			
Renter på fondsobligasjon		0	
Kjøp og salg av egne aksjer			
Utbetalinger fra gavefond		0	
Emisjon av egenkapitalbevis		0	
Utbytte til egenkapitalbeviserne		0	
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet		-46.791	38.953
A + B + C Netto endring likvider i perioden		57.478	5.259
Likviditetsbeholdning 1.1		80.977	75.717
Likviditetsbeholdning 31.12		138.454	80.977
Likvidetsbeholdning spesifisert:			
Kontanter og kontantekvivalenter		4.310	71.042
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker		134.144	9.935
Likviditetsbeholdning		138.454	80.977

Eigenkapitaloppstilling

Opptjent egenkapital

<i>Tall i tusen kroner</i>	Sparebankens fond	Fond for urealiserte gevinster	Sum egenkapital
Egenkapital 31.12.2019	310.820	0	310.820
Overgang til IFRS	-2.005	7.493	5.488
Egenkapital 01.01.2020	308.815	7.493	316.308
Resultat etter skatt	18.427		18.427
Verdiendring tilgjengelig for salg		1.990	1.990
Totalresultat 31.12.2020	18.427	1.990	20.417
Avsetning gaver	-700		-700
Egenkapital 31.12.2020	326.542	9.483	336.025
Egenkapital 31.12.2018	290.320	0	290.320
Resultat etter skatt	21.239		21.239
Totalresultat 31.12.2019	311.559	0	21.239
Avsetning gaver	-739		-739
Egenkapital 31.12.2019	310.820	0	310.820

Ørskog Sparebank vil i høve likninga for 2020 gjere eit sirkelkonsernbidrag på kr 6.743.784 med Sjøholt Næringsbygg AS for å nyttiggjere seg av det framførbare underskotet. Ørskog Sparebank gjev konsernbidrag til Sjøholt Næringsbygg AS med skattemessig effekt, og Sjøholt Næringsbygg gjev same beløp attende utan skattemessig effekt.

NOTE 1 - Rekneskapsprinsipp

GENERELL INFORMASJON

Ørskog Sparebank vart skipa i 1857. Banken tilbyr innskot, utlån og betalingsformidling samt tilhøyrande banktenester for personmarknaden Noreg og for bedriftsmarknaden på indre Sunnmøre og kring Ålesund. Bankens hovudkontor har besøksadresse 6240 Ørskog .

Rekneskapen for 2020 ble godkjend av styret 02.03 2021.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN

Frå 2020 legg banken fram rekneskapen i høve IFRS som fastsett av EU i tråd med § 1-4, 1. ledd b) i forskrift om årsrekneskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak. Banken har tatt omsyn til tilleggskrav til notar som følgjer av lov og forskrift for norske bankar. Banken har ikkje omarbeidd samanlikningstal i høve forskrifta § 9-2.

Rekneskapsprinsippa som er skildra blir nytta for å lage banken sitt årsrekneskap for 2020. Sjå note 38 for opningsbalanse og effekt av overgang til nytt rekneskapspråk.

- Samanlikningstala for 2019 er ikkje omarbeidd og derfor i høve NGAAP, sjå årsrekneskap 2019 for skildring av rekneskapsprinsippa.

I høve forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittforetak og finansieringsforetak har banken valt å utsette implementeringa av IFRS 16 Leigeavtaler for rekneskapsåret til 2021 og heller bruke tidlegare prinsipp for 2020.

I høve forskrift om årsrekneskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak har banken valt å rekneskapsføre utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap i høve IFRS. Konsernrekneskap er ikkje utarbeidd, då dotterselskap er definert som uvesentleg.

Samandrag av vesentlege rekneskapsprinsipp

IFRS med unntak og forenklingar regulert gjennom årsrekneskapsforskrift har vore gjeldande sidan 01.01.2020. For periodane til og med 31.12.2019 har banken nytta Rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for bankar, samt god regnskapsskikk.

Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, om ikkje anna er oppgitt.

INNETKTSFØRING

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir brukt for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost og for fordringar som blir vurdert til verkeleg verdi i balansen. For renteberande balansepostar som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet blir den nominelle renta inntektsført løpande, mens verdiendringar blir regnskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på engasjement som er kredittforringa blir rekna ved bruk av effektiv rente på nedskriven verdi. Renteinntekter på engasjement som ikkje er kredittforringa blir rekna ved bruk av effektiv rente på brutto amortisert kost (amortisert kost før avsetning for forventa tap).

Ørskog Sparebank reknar effektiv rente på to ulike måtar, avhengig av om instrumentet (lånet) er, eller ikkje er, kredittforringa ved første gangs balanseføring. Den effektive renta er den renta som får noverdien av framtidige kontantstraumar i lånet si forventa løpetid til å bli lik bokført verdi av lånet ved første gangs balanseføring. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, og eventuelt restverdi ved utløp av forventa løpetid. For lån som ikkje er kredittforringa ved første gangs balanseføring nyttar banken kontraktsfesta kontantstraumar utan justering for forventa tap. For lån som er kredittforringa ved første gangs balanseføring korrigerer banken dei kontraktsfesta kontantstraumane for forventa tap. Den effektive renta blir da omtalt som ei kredittjustert effektiv rente.

Renteinntekter på finansielle instrument som er klassifisert som utlån blir inkludert på linja for netto renteinntekter.

Gebyr og provisjonar blir resultatført etter kvart. Gebyr for etablering av låneavtaler inngår i kontantstraumane ved rekning av amortisert kost og blir inntektsført under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår mellom anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester.

Resultatføringa skjer når tenestene er levert. Utbytte fra investering blir resultatført på tidspunkt utbyttet er vedtatt på generalforsamlinga. Leigeinntekter frå operasjonelle leigeavtalar blir inntektsført med like beløp etter kvart som inntektene blir opptent.

FINANSIELLE INSTRUMENT – INNREKNING OG FRÅREKNING

Finansielle eigendeler og gjeld blir innrekna når banken blir part i instrumentet sine kontraktsmessige vilkår. Finansielle eigendeler blir frårekna når dei kontraktsmessige vilkåra til kontantstraumane frå dei finansielle eigendelane går vekk, eller når banken overfører den finansielle eigendelen i ein transaksjon der all risiko og moglegheit for vinst knytta til eigarskap av eigendelen blir overført.

Finansielle plikter blir frårekna på det tidspunkt rettighetene til kontraktsmessige vilkår er innfridd eller kansellert.

FINANSIELLE INSTRUMENT -KLASSIFISERING

Ved første gangs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av de følgjande kategoriar, avhengig av typ instrument og hensikt med investeringa:

Finansielle eigendeler blir klassifisert i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultat

Finansielle plikter blir klassifisert som:

- Finansielle plikter til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet
- Andre finansielle plikter målt til amortisert kost.

IFRS 9 krev at alle finansielle eigendeler blir klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytta til de ulike instrumenta. Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Utlån med fast rente der banken har som mål å ta imot kontraktsmessige kontantstraumar i form av renter og avdrag, er sikra med derivat for å matche finansieringa til flytande rente. Banken nyttar difor opsjonen til å klassifisere utlåna til verkeleg verdi med verdiendring over resultat for ikkje å få eit rekneskapsmessig misforhold på utlåna. Banken har høve til å overføre utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 75 %. Banken legg nye utlån, men også nokre få refinansierte lån frå eigen balanse over til Eika Boligkreditt. Banken har klassifisert utlån som kan førast over til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

Banken si likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i høve den forretningsmodellen som styrer forvaltninga portefølja. Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over utvida resultat utan resirkulering. Eigenkapitalinstrument er ikkje derivat eller kjøpt inn for handelsformål.

Finansielle plikter blir målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I kategorien finansielle plikter til amortisert kost inngår klassene innskot frå og plikter overfor kundar og renteberande plikter som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

MÅLING

MÅLING TIL VERKELIG VERDI

Verkeleg verdi av finansielle instrument som blir omsett i aktive marknader blir fastsett med basis i noterte marknadsprisar eller kursar frå meklar. Marknaden er aktivt viss det er mogleg å skaffe eksterne observerbare prisar, kursar eller renter. Prisane må representere faktiske og hyppige transaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje er omsett i ein aktiv marknad, bli den verkelege verdien fastsett ved hjelp av anna verdsettingsmetode. For slike verdsettingsmetodar kan ein sjå på nylege marknadstransaksjonar på armlengds avstand eller vise til verkeleg verdi av anna og likt instrument, diskontert kontantstraumsrekning eller andre modeller for verdsetting. Om observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som går inn i verdsettingsmodellar, så bruker banken slike.

Ein gjer ikkje frådrag for transaksjonskostnadar ved å fastsette verkeleg verdi.

MÅLING TIL AMORTISERT KOST

Finansielle instrument som ikkje blir målt til verkeleg verdi, blir målt til amortisert kost, og inntektene/ kostnadane rekna om ved å sjå instrumentet si effektive rente. Amortisert kost blir fastsett ved å diskontere kontraktsfesta kontantstraumar i den løpetida. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnadar som ikkje blir direkte betalt av kunden, samt eventuell restverdi ved utløp av venta løpetid. Dersom venta tap er inkludert ved omrekning av effektiv rente så blir det venta tapet inkludert i kontantstraumane ved rekning av amortisert kost. Amortisert kost er noverdien av kontantstraumar neddiskontert med den effektive rent med frådrag for avsetning til venta tap.

MÅLING AV FINANSIELLE GARANTJAR

Finansielle garantiar blir vurdert til verkeleg verdi, der ein ved regnskapsføring første gangs vurderer at ein har fått vederlag for garantien. Ved måling i etterkant vurderer banken dei utsendte garantiane til det høgste beløp av betalinga for garantien med frådrag for amortiseringar ein har ført inn i resultatet og det tapet ein ventar etter reglane for nedskrivning av finansielle eigendeler.

NEDSKRIVNING AV FINANSIELLE EIGENDELER

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane reknast inn basert på det banken ventar å tape. Den generelle modellen for nedskrivningar av finansielle eigendeler inkluderer finansielle eigendeler som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med endringar over utvida resultat. I tillegg er også lånetilsegn som ikkje er målt til verkeleg verdi over resultatet, finansielle garantikontrakter, kontraktseigendeler og fordringar på leigeavtaler tatt inn.

Eit finansielt instrument som ikkje er kreditforringa vil ved første gangs innføring i balansen få ei avsetning for tap tilsvarande 12-måneders forventa tap, og klassifisert i steg 1.

12-måneders forventa tap er noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som banken ventar vil hende over levetida til instrumentet, men som ein kan knytte til misleghald som inntreff dei første 12 månadane.

Banken vurderer kredittrisikoen som sannsynlegheit for misleghald over gjenværande levetid for ein eigendel eller gruppe av eigendeler. Om denne sannsynlegheita blir vurdert å ha økt vesentleg sidan første gangs innrekning skal ein gjere ei tapsavsetning tilsvarande noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta. Eigendelen skal då bli reklassifisert til steg 2.

For utlån klassifisert i steg 1 og 2 blir renta rekna basert på brutto balanseført verdi og avsetninga for tap er normalt modellbasert.

Viss det inntreff ein hending som gir kreditforringing skal instrumentet blir flytta til steg 3. Renteinntekter blir då innrekna basert på amortisert kost og tapsavsetninga blir sett på individuell basis. For ytterlegare detaljar viser ein til IFRS 9.

NEDSKRIVNINGSMODELL I BANKEN

Venta kredittap (ECL) i steg 1 og 2 blir rekna ut slik: $EAD \times PD \times LGD$, neddiskontert med effektiv rente. Eika har utvikla egne modellar for rekning av sannsynlegheit for misleghald (PD) og tap gitt misleghald (LGD). Bankens systemleverandør Skandinavisk Data Center (SDC) har, på vegne av Eika, vidareutvikla ei løysing for eksponering ved misleghald (EAD). Her blir det rekna ut tap og modellen vurderer om eit engasjement har hatt vesentleg auke i kredittrisiko sidan første gangs innrekning. Banken nyttar denne modellen, og den er omtala meir detaljert i note 2.

OVERTATTE EIGENDELER

Banken har ikkje tatt over eigendeler i høve konkurs eller misleghald som er balanseført pr. 31.12.2020.

PRESENTASJON AV RESULTATPOSTAR KNYTT TIL FINANSIELLE EIGENDELER OG PLIKTER TIL VERKELIG VERDI

Realiserte vinster/(tap) samt endringar i estimerte verdier på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, blir tatt inn i rekneskapen under "Netto vinst/(tap) på finansielle instrument" i den perioden dei oppstår.

SIKRINGSBOKFØRING

Ørskog Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring.

MOTREKNING

Finansielle eigendeler og finansielle plikter blir motrekna og presentert berre når banken har juridisk rett til å motrekne og når banken skal gjere opp på nettogrunnlag. Inntekter og kostnader blir ikkje motrekna med mindre det er påkravd eller lov i høve IFRS.

VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir omrekna til norske kroner ved å bruke kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som blir målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til norske kroner ved å bruke valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengeposter som blir målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til valutakursen som er fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar blir resultatført løpande i rekneskapsperioda.

Rekneskapen blir presentert i norske kroner, som er banken sin funksjonelle valuta.

VARIGE DRIFTSMIDLER

Varige driftsmiddel inkluderer bygning, tomter og driftslausøre, og er vurdert til anskaffelseskost minus akkumulerte avskrivningar og nedskrivning. Anskaffelseskost for varige driftsmiddel er kjøpspris, inkludert avgifter /skattar og kostnader direkte knytt til å sette anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter som kjem etter at driftsmiddelet er tatt i bruk, slik som vedlikehald blir ført over resultatet, medan utgifter som er forventta å gje framtidige økonomiske fordelar, blir ført over balansen. Det er brukt lineære avskrivningar for å allokere kostpris over brukstida til driftsmiddelet.

NEDSKRIVNING AV VARIGE DRIFTSMIDDEL OG IMMATERIELLE EIGENDELER

Dersom ein ser at det ligg føre indikasjonar på fall i varige driftsmiddel og immaterielle eigendeler sin verdi, vil banken estimere det gjenvinnbare beløpet for å rekne på eventuell nedskrivning. Gjenvinnbart beløp er verkeleg verdi med frådrag for salskostnader og bruksverdi.

Eigendelen sin balanseførte verdi blir nedskreven dersom balanseført verdi er høgare enn estimert gjenvinnbart beløp.

INVESTERINGSEIGENDOM

Banken har ikkje investeringseigendom.

LEIGEAVTALAR

En leigeavtale blir klassifisert som finansiell leigeavtale viss den overfører risiko og avkasting forbunden med eigarskap. Øvrige leigeavtalar blir klassifisert som operasjonelle leigeavtalar. Frå 2021 vil banken følgje prinsippa i IFRS 16 for rekneskapsføring av leigeavtalar.

INVESTERING I TILKNYTTA SELSKAP, INVESTERING I DOTTERSELSKAP OG HANDSAMING I ÅRSREKNESKAPEN

Tilknyttta selskap og dotterselskap er handsama etter kostmetoden.

SKATT

Skattekostnad inkluderer betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er kalkulert på for alle skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eigendeler og gjeld, samt underskott til framføring.

Utsett skattefordel er ført i rekneskapen når det er truleg at banken vil ha skattemessige overskot i seinare periodar til å gjere nytte av skattefordelen. Banken rekneskapsfører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel dersom det er truleg at banken kan nytte seg av den utsette skattefordelen. Likeins vil banken redusere utsett skattefordel om banken ikkje lenger ser det som truleg at ein kan nyttiggjere seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt med basis i venta framtidige skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen, eller ein ventar blir bestemt og som ein antar blir nytta når den utsette skattefordelen blir realisert eller oppgjort. Betalbar skatt og utsett skatt er ført direkte mot eigenkapitalen i rekneskapen i den grad postane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar. Her er eit unntak av fondsobligasjonar der skatteeffekten av rentekostnaden blir ført i ordinært resultat og konsernbidrag frå mor- eller søsterselskap som blir ført over resultatet.

PENSJONSPLIKTER

Pensjonskostnader og -plikter følger IAS 19. Banken har tre tilsette som har kollektive ytelsesbasert pensjonsordning. Alle andre tilsette har innskotsbasert ordning. I tillegg har banken AFP ordning. For innskotsordninga betalar banken innskot til privat administrerte livs- og pensjonsforsikringsselskap. Banken har ingen andre plikter etter at innskota er betalt. Det er løpende kostnadsføring av innskota og dei blir rekneskapsført som lønnskostnad. AFP ordninga blir omhandla rekneskapsmessig som innskotsordninga.

FONDSOBLIGASJONSLÅN

Banken har ikkje sendt ut fondsobligasjonar.

HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

Det er tatt omsyn til ny informasjon om banken si finansielle stilling etter balansedagen i årsrekneskapen. Hendingar etter balansedagen som ikkje vil påverke bankens sin finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke banken sin finansielle stilling i framtida er opplyst om dersom dette er vesentleg.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i kontantstraumar frå operasjonelle -, investerings- og finansieringsaktivitetar etter direkte metode. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som alle inn- og utbetalningar knytt til utlån- og innskot mot kundar og kredittinstitusjonar, inn- og utbetalningar frå kortsiktige verdipapir, samt utbetalningar frå kostnader knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå langsiktige verdipapirtransaksjonar, - samt investering i driftsmiddel og eigendomar. Kontantstraumar frå utsending og nedbetaling av ansvarlege lån, obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktiviteter. Omgrepet likvider omfattar kontantar og fordringar på Norges Bank.

NOTE 2 - Kredittrisiko

DEFINISJON AV MISLEGHOLD

Misleghald er definert som overtrekk på minimum 1.000 kroner i meir enn 90 samanhengande dagar. Ein kunde sitt engasjement vil også bli klassifisert som misleghalden dersom banken vurderer at kunden sin økonomiske situasjon gjer at han truleg ikkje vil kunne halde sine plikter overfor banken. I slike tilfelle vil kunden bli tapsmarkert og det blir gjort ei individuell vurdering av behovet for nedskrivning.

Frå 1.1.2021 er det innført ein ny definisjon av misleghald, det følgjer av reglane at ein kunde vil bli klassifisert som misleghalden dersom minst eitt av følgjande kriterier er oppfylt:

- Kunden har et overtrekk som både overstig ein relativ- og absolutt grense i meir enn 90 samanhengande dagar. For både PM- og BM-kundar er den relative grensa lik 1% av kundens samla eksponering.
 - For PM-kundar er den absolutte grensa lik 1.000 kroner
 - For BM-kundar er den absolutte grensa lik 2.000 kroner
- Det er vurdert som sannsynleg at kunden ikkje vil kunne innfri sine plikter ovanfor banken (unlikely to pay – UTP).
- Kunden er «smitta» av ein annan kunde som er i misleghald i høve til de to første kriteriene nemnd over.

EKSPONERING VED MISLEGHOLD (EAD)

EAD for avtaler i steg 1 inneheld uteståande fordring eller gjeld justert for kontantstraumar dei neste 12 månadane og for avtaler i steg 2 de neddiskonterte kontantstrømmane for den forventade levetida til avtalen. For garantiar er EAD lik den uteståande beløp på rapporteringsdatoen multiplisert med ein konverteringsfaktor på 1 eller 0,5 avhengig av type garanti. Unytta kredittar har EAD lik uteståande unyttade kreditt på rapporteringstidspunktet.

Forventa levetid på ein avtale blir rekna ut frå liknande avtaler si historiske gjennomsnittlege levetid.

Avtalar som blir modifisert blir målt frå opphavsleg tidspunkt for bevilling, sjølv om avtalen får nye vilkår.

TAP VED MISLEGHOLD (LGD)

Estimat for LGD er basert på historiske tap i alle Eika-bankar basert på ulike intervall av sikkerheitsdekning. Datagrunnlaget blir oppdatert med historiske tap for nye periodar. Modellane skil mellom person- og bedriftskundar.

Personkunder

- Kunder med sikkerheit i fast eigendom
- Kunder med anna sikkerheit enn fast eigendom
- Kunder utan registrert sikkerheit

Bedriftskunder

- Kunder med sikkerheit
- Kunder utan sikkerheit

Banken baserer seg på estimerte realisasjonsverdiar når ein vurderer verdien av sikkerheiter.

SANNSYNLEGHEIT FOR MISLEGHOLD (PD)

Bankens PD-modell er utvikla av Eika Gruppen. Ein syner til overgangsnotane for ei forklaring av endringar frå førre rekneskapsår. PD-modellen estimerer sannsynlegheit for misleghald ved å estimere statistiske samanhengar mellom misleghald og kunden si finansielle stilling, demografiske data og betalingsåtfærd. For deler av portefølja nyttar banken policykodar der kunden sin risiko ikkje kan bli rekna på ordinær måte. Kunder med policykode blir overstyrt til ei risikoklasse med ein på førehand definert PD.

Banken fekk i februar 2020 på plass en ny PD modell og her følgjer ei skildring av modellen. For detaljar kring den gamle modellen og endringar samanlikna med den nye modellen, vil vi vise til same informasjon om PD-modell frå prinsippnoten til årsrekneskapen i 2019 som blir vist til slutt i denne noten.

Modellen skil mellom personkunder og bedriftskunder. Modellen måler sannsynlegheit for misleghald dei neste 12 månadane (PD 12 mnd.). Totalmodellen har to undermodellar, der ein åtferdsmodell og ein generisk modell blir vekta ulikt. Undermodellane ser på kor lenge ein kunden har vore registrert som kunde i banken, og kor lenge det er sidan siste kredittsjekk. I totalmodellen gjeld kun den generiske modellen der kundeforholdet og tid sidan siste kredittsøk har vore kortare enn ein på førehand definert tidshorisont. Kun åtferdsmodellen blir nytta om kundeengasjement og tid sidan siste kredittsøk har vore lengre enn ein gitt tidshorisont. I alle andre tidshorisontar vil ein kombinasjon av modellane bli nytta. Dette gjeld også for BM-kunder som ikkje er gjenpartspliktige.

- Åtferdsmodellen gir PD 12 mnd. basert på observert åtferd fra kundane sine konti, transaksjonar og produktfordeling.
- Generisk modell gir PD 12 mnd. basert på offentleg informasjon. Generisk modell er utvikla av Bisnode på alle norske føretak/hushaldningar med konkurs/alvorleg betalingsmerknad som utfallsvariabel.
- For bedriftskunder inneheld den generiske modellen fire undermodellar. Her ligg enkeltpersonsforetak (ENK), føretak der eigar direkte hefter for gjeld (ANS/DA), andre føretak med innlevert rekneskap og øvrige føretak utan rekneskap.
- For personkunder inneheld den generiske modellen av fem undermodellar, der fire er delt opp etter kundens alder (18-26 år, 27-42 år, 43-65 år og 66+ år) og den siste av personar, uansett alder, med minst ein aktiv betalingsmerknad

Modellane blir årleg validert og recalibrert når det er trong for det. Om modellane blir forringa så blir det utvikla nye modeller. Ved rekning av misleghaldssannsynligheit over forventa levetid på engasjement (PD liv) nyttar banken ei migrasjonsbasert framskriving for å estimere forventa misleghald fram i tid, basert på kor truleg det er at engasjementet blir misleghalden i løpet av dei neste 12 månadane (PD 12 mnd.). Etter Covid-19 utbrotet registrerer banken at modellen er lite responsiv på store og brå konjunkturskift. Mellom anna registrerte vi at kundane knapt brukte pengar, noko som akkumulerte bankinnskott – og modellen tolka dette som positivt og ga ei betring i PD. Dette trass i at kunden kunne vere permittert og få negativ konsekvens for framtidig betalingsevne.

VESENTLEG AUKE I KREDITTRISIKO (MIGRERING)

Vesentleg auke i kredittrisiko blir målt basert på utvikling i PD. PD slik den blei estimert å vere på rapporteringstidspunktet den gongen eigendelen første gang blei innrekna (PD ini), samanlikna med det PD faktisk er på rapporteringstidspunktet. Dersom PD er høgare enn venta på rapporteringstidspunktet gjer banken ei vurdering det har funne stad ei vesentleg auke i kredittrisiko.

For engasjement som hadde opphæveleg PD 12 mnd. mindre enn 1 %, er vesentleg auke definert som: $PD\ 12\ mnd > PD\ 12\ mnd.\ ini + 0,5\ \% \text{ og } PD\ liv > PD\ liv\ ini * 2$

For engasjement som hadde opphavelig PD 12 mnd. over eller lik 1 %, er vesentleg auke definert som: PD 12 mnd > PD 12 mnd. ini + 2 % **eller** PD liv > PD liv ini * 2

Det ligg ikkje føre karenskriterier med tanke på migrering, difor vil engasjementet bli ført tilbake til steg 1 viss PD endringar ikkje lenger oppfyller krava til vesentleg auke i kredittrisiko.

Det er i tillegg to absolutte kriterier som alltid definerer ein vesentleg auke i kredittrisiko.

- Eigendelen er ikkje kredittforringa, men det er gitt lemping i vilkåra i høve kunden sine finansielle utfordringar.
- Eigendelen har eit overtrekk på minimum 1.000 kroner i meir enn 30 samanhengande dagar.

FORVENTA KREDITTAP BASERT PÅ FORVENTNINGER TIL FRAMTIDA

IFRS 9 krev at banken skal nytte framoverskuande informasjon når ein vurderer forventa kredittap. Forventningar til framtid er gjort i ein makromodell der ein tek omsyn til tre scenario: – basis, oppside og nedside scenarioet – for forventa makroøkonomisk utvikling eitt til fire år fram i tid. Scenarioa er gitt ei vektning på basis 70%, nedside 20% og oppside 10%. Variablane arbeidsløyse, oljepris, hushaldningane sin gjeldsgrad og utlånsrente ligg inne i modellen. Variablane er fordelt på fylker for personmarknaden og på bransjar for bedriftsmarknaden. Variablane og tilhøyrande vektning blir fastsett av sjefsøkonom i Eika Gruppen, for deretter å bli vurdert av banken.

Dei makroøkonomiske variablane er ikkje uavhengige noko som tyder at en endring i en variabel vil verke inn på prognosane for enkelte av dei andre variablane, det gir derfor ikkje ein fasit å sjå berre på sensitiviteten til kvar enkelt variabel.

I nedside scenarioet er kvar variabel tilordna ei lågare forventning relativt til basis scenarioet og visa versa i oppside scenarioet. Tabellen under viser prognosen for dei ulike variablane i alle tre scenarioa.

	2021	2022	2023	2024
Basis				
Arbeidsledighet (nivå)	4,5 %	4,3 %	4,1 %	4,1 %
Endring i husholdningenes gjeldsgrad	1,0 %	1,0 %	1,0 %	1,2 %
Bankenes utlånsrente (nivå)	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %
Oljepris (USD pr. fat)	43	46	48	48
	2021	2022	2023	2024
Nedside				
Arbeidsledighet (nivå)	5,0 %	4,8 %	4,6 %	4,6 %
Endring i husholdningenes gjeldsgrad	-2,0 %	-2,0 %	1,0 %	0,7 %
Bankenes utlånsrente (nivå)	0,6 %	0,6 %	0,6 %	0,6 %
Oljepris (USD pr. fat)	26	28	28	28
	2021	2022	2023	2024
Oppside				
Arbeidsledighet (nivå)	3,9 %	3,7 %	3,5 %	3,5 %
Endring i husholdningenes gjeldsgrad	0,9 %	0,9 %	1,0 %	1,7 %
Bankenes utlånsrente (nivå)	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %
Oljepris (USD pr. fat)	63	66	68	68

NEDSKRIVNINGER I STEG 3

Banken går gjennom heile portefølja med lån til bedriftsmarknaden årleg, i tillegg til store og spesielt risikable engasjement løpande gjennom året. Lån til privatpersonar blir gjennomgått når dei er misleghaldne eller dei har dårleg betalingshistorikk. Ved estimering av nedskrivning på einskilde kundar så vurderer ein både den aktuelle men også den forventa framtidige finansielle stillinga. For engasjement i bedriftsmarknaden ser ein og på marknadssituasjonen for kunden og den aktuell sektoren. Vidare ser ein på moglegheitene for rekapitalisering, restrukturering og refinansiering. Det er ei samla vurdering av faktorane som blir lagt til grunn for estimering av framtidig kontantstraum. Kontantstraumane blir estimert over ei periode tilsvarande forventa løpetid for den aktuelle kunden, eller gruppe av kundar dersom det er like trekk knytt til kundane. Bankens sett av for tap i steg 3 dersom kunden er kredittforringa. Ved vurdering av tapsbeløp vil det hefte uvisse ved estimering av tidspunkt og beløp for framtidige kontantstraumar inkludert verdsetting av den aktuelle sikkerheit som er stilt. Vi syner til note 11 for oversikt over nedskrivning på utlån og garantiar.

Banken har retningslinjer for forbearance, der det heiter at det kan gå 24 månader frå kunden vart markert med forbearance før friskmelding. Om kunden var i misleghald eller markert som UTP krev ein karantenetid på 12 månader frå det tidspunktet kunden ikkje lenger var i misleghald eller UTP, før prøveperioda på 24 månader startar. Vidare er det slik at ei nedskrivning eller tapsavsetning skal bli reversert i den grad tapet har minka og ein har objektive bevis knytt til ei positiv hending etter nedskrivningstidspunktet for engasjement i steg 3. Reversering og der igjennom tilfriskning skal bli dokumentert med eit notat som skildrar grunnlaget for reverseringa.

KREDITTRISIKO

Banken tar kreditt risiko, som er risikoen for at motparten vil påføre banken tap ved ikkje å gjere opp gjelda til banken. Kredittkollonering er knytt til uteståande lån og gjeldspapir. Det er også kreditt risiko knytt til "off-balance" finansielle instrument som lånetilsegn, unytta kreditt og garantiar. Banken har innvilga to lån med statsgaranti på til saman kr. 1,560 millionar. Banken ville truleg innvilga låna sjølv utan statsgaranti, og ein har såleis ikkje grunnlag for å hevde at ordninga i særleg grad har påverka banken si haldning til kreditt risiko.

Sjå note 6-13 for vurdering av kreditt risiko.

Klassifisering

Sannsynlegheit for misleghald blir brukt som mål på kredittkvalitet. Banken deler portefølja inn i ti risikoklasser, basert på PD for kvart kredittengasjement. Sjå den underliggande tabellen. Kredittforringa engasjement (steg 3) er gitt ein PD på 100 prosent. Banken si portefølje inndelt etter risikoklasser og steg er presentert i note 6.

Risikoklasse	Sansynlighet for mislighold fra	Sansynlighet for mislighold til
1	0,0000	0,0010
2	0,0010	0,0025
3	0,0025	0,0050
4	0,0050	0,0075
5	0,0075	0,0125
6	0,0125	0,0200
7	0,0200	0,0300
8	0,0300	0,0500
9	0,0500	0,0800
10	0,0800	1,0000

NOTE 3 – Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar

Estimat og skjønsmessige vurderingar blir gjort løpande og er basert på historisk erfaring og andre faktorar. For rekneskapsføremål nyttar banken estimat og meiningar om framtida.

Rekneskapsestimat kan avvike frå dei oppnådde resultatata, men dei er basert på beste estimat på tidspunktet for når rekneskapen blir framlagt. Estimata og meiningane som har stor risiko for vesentleg å innverke på balanseført verdi av eigendeler eller plikter er omhandla under. I avsnittet under så syner ein dei mest vesentlege skjønsmessige vurderingane, som banken si leiing legg til grunn når ein legg fram rekneskapen.

NEDSKRIVNING PÅ UTLÅN OG GARANTIA

Banken går gjennom utvalde terskelverdiar av bedriftsmarknadsportefølja årleg. Store og spesielt risikable, samt misleghaldne og tapsutsette engasjementa blir gjennomgått månadleg. Lån til privatpersonar blir gjennomgått når dei er misleghaldne og seinast etter 90 dagar, eller dersom dei har ein dårleg betalingshistorikk.

Bankens system for risikoklassifisering er omtalt under risikostyring. Banken gjer individuelle vurderingar av nedskrivningsbehov dersom det ligg føre kredittforringing som ein identifiserer på einskilde engasjement, og kredittforringinga gir mindre framtidig kontantstraum til å betale ned på lånet. Eksempel på kredittforringing er misleghald, konkurs, likviditet eller andre vesentlege finansielle problem.

Nedskrivningar i steg 3 blir rekna som skilnaden mellom bokført verdi på lånet og noverdien av diskontert forventet kontantstrøm basert på effektiv rente.

Øvrige nedskrivningar i steg 1 og 2 blir basert på tapsestimat rekna med grunnlag på 12 månader og livslang sannsynlegheit for misleghald (probability of default – PD), tap ved misleghald (loss given default – LGD) og eksponering ved misleghald (exposure at default – EAD).

Sjå note 13 for sensitivitetsrekningar.

VERKELIG VERDI I IKKJE AKTIVE MARKNADER

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad (nivå 2 og 3) er verdsett ved bruk av verdsettingsteknikkar og det er uvisse knytt til teknikkane. Verdsettingsteknikk ved bruk av modeller for å finne verkeleg verdi blir periodisk sett opp mot utvikling i verdi av liknande instrument og transaksjonar i same papir. Der det er mogleg nyttar ein observerbare data, men på områder som kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må ein nytte estimat. Endring i føresetnader kan påverke verkeleg verdi på finansielle instrument.

Sjå note 24 for sensitivitetsrekningar.

NOTE 4 – Kapitaldekning

	Morbank		Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe
Tall i tusen kroner	2020	2019	2020
Opptjent egenkapital	326.542	310.820	294.864
Overkursfond			25.887
Utjevningfond			7.139
Annen egenkapital			
Egenkapitalbevis			9.722
Fond for urealiserte gevinster	9.483		
Gavefond			
Sum egenkapital	336.025	310.820	337.612
Immaterielle eiendeler			
Fradrag for forsvarlig verdsetting	-297		-515
Fradrag i ren kjernekapital	-23.886	-9.716	-3.872
Ren kjernekapital	311.842	301.104	333.224
Fondsobligasjoner			3.631
Fradrag i kjernekapital			
Sum kjernekapital	311.842	301.104	336.856
Tilleggskapital - ansvarlig lån	40.000	30.000	44.577
Fradrag i tilleggskapital			
Netto ansvarleg kapital	351.842	331.104	381.432

Eksponeringskategori (vektet verdi)	Konsolidert kapitaldekning inkl. andel samarb.gruppe		
Stater			12
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	4.220	3.825	10.015
Offentlige eide foretak			0
Institusjoner	6.487	5.536	18.728
Foretak	79.366	104.809	81.862
Retail			6.665
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	1.156.396	1.027.478	1.334.402
Forfalte engasjementer	13.408	14.527	13.595
Høyrisiko-engasjementer	64.064	43.299	64.064
Obligasjoner med fortrinnsrett	16.707	16.619	21.044
Fordring på institusjoner og foretak med kortsiktig rating	11.722	1.387	11.722
Andeler i verdipapirfond	4.395	6.960	4.717
Egenkapitalposisjoner	42.139	31.121	32.500
Øvrige engasjement	89.415	103.946	90.321
CVA-tillegg	45	41	13.478
Sum beregningsgrunnlag for kredittrisiko	1.488.365	1.359.548	1.703.126
Beregningsgrunnlag fra operasjonell risiko	121.695	112.499	126.302
Sum beregningsgrunnlag	1.610.060	1.472.047	1.829.428
Kapitaldekning i %	21,85 %	22,49 %	20,85 %
Kjernekapitaldekning	19,37 %	20,45 %	18,41 %
Ren kjernekapitaldekning i %	19,37 %	20,45 %	18,21 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	10,21 %	10,50 %	9,04 %

Konsolidering av samarbeidende grupper

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.

Banken har en eigarandel på 0,32 % i Eika Gruppen AS og på 0,58 % i Eika Boligkreditt AS.

	2019
Ren kjernekapital	308.209
Kjernekapital	311.636
Ansvarlig kapital	345.956
Beregningsgrunnlag	1.647.985
Kapitaldekning i %	20,99 %
Kjernekapitaldekning	18,91 %
Ren kjernekapitaldekning i %	18,70 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	9,04 %

NOTE 5 - Risikostyring

RISIKOSTYRING

Banken sin forretningsaktivitet fører til eksponering for ei rekke finansielle risiko. Banken sin målsetting er å ha ein god balanse mellom avkastning og risiko, og å gjere potensielle negative effektar på resultat mindre. Bankens finansielle risikostyring er fastsett for å identifisere og analysere risikofaktorane, i tillegg til å fastsette risikorammer og -kontrollar, og å overvake dette gjennom å bruke av gode informasjonssystem. Banken vurderer jamleg retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikre at endringar i produkt og marknader blir reflektert i risikorammene.

Ansvar for bankens risikostyring og kontroll er delt mellom bankens styre og leiinga i banken. Styret fastsett banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risikområder, samt retningslinjer for styring av risiko.

Banksjefen har ansvaret for bankens samla risikostyring. Alle vedtak knytt til risiko og risikostyring blir normalt fatta av banksjef i samråd med øvrige medlemmar i leiargruppa.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre god internkontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekte risikoprofil. Etter Covid-19 utbruddet i mars 2020 merka banken ein stor auke i førespurnadar om avdragsfritak på lån. Desse vart innvilga med 4 månader varigheit, og banken registrerte at nær alle kundar gjekk tilbake til å betale fulle avdrag når perioda var gått ut.

LIKVIDITETSRISIKO

Risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine plikter ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarer å møte sine likviditetsplikter utan at kostnaden aukar dramatisk. Ut ifrå eit bredt perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiere nye eigendeler etter kvart som refinansieringsbehovet aukar. Likviditetsstyringa tar omsyn til banken sin overordna likviditetspolicy som styret har vedtatt. Likviditetspolicyen blir gjennomgått årleg. Banken sin rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko gjenspeglar banken sin konservative risikoprofil på området. Banken sine innskot inneheld i hovudsak innskot frå totalkundar i banken sitt marknadsområde.

Etter Covid-19 utbrotet registrerte banken særleg god tilgang på likviditet i både kapitalmarknaden og mellom banken sine kundar. Vi har i 2020 begynt å bruke Fixrate som ei ny kjelde til å hente bankinnskot. Banken tok i april opp eit F-lån hjå Norges Bank for å ha nok likviditet i ei fase av krisa der framtida var noko meir usikker enn det den utvikla seg til å bli. Banken har au registrert at fleire kundar no sparar meir i aksjefond for å betre avkastinga når renta er sett ned til 0 % i Norges Bank.

Sjå note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

MARKNADSRISIKO

Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstraumar knytt til finansielle instrument blir endra grunna endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endring i marknadsprisar og endring i volatilitet knytt til prisar som rentesatsar, kredittspreader, valutakursar og aksjeprisar.

Styring av marknadsrisiko startar med ein styrevedtatt policy for marknadsrisiko der det er sett rammer for eksponering innan ulike kategoriar av risiko. Risikoeksponering og -utvikling blir overvaka og rapportert periodisk til styre og leiinga i banken.

Etter Covid-19 utbrotet sank marknadsrenta og verdien på banken si likviditetsportefølje minka. Banken har sett vekk forvaltninga til Eika Kredittbank som har høg kompetanse og sitt tett på marknaden.

Sjå note 15-16 for vurdering av marknadsrisiko.

OPERASJONELL RISIKO

Risiko for tap som stammar frå svakheit eller feil i prosessar og system, feil som er gjort av tilsette, eller eksterne hendingar. Styring av operasjonell risiko startar med banken sin policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det blir gjennomført risikovurderingar på overordna nivå og for prosessar som banken til er eksponert for. Hendingar som har eller kan påverke banken si lønsemd eller omdømme følger ein opp systematisk. Det blir og gjort ein omfattande gjennomgang av vesentlege operasjonelle risiko og kontrolltiltak. Leiinga i banken gjer fortløpande vurderingar av operasjonelle risikohendingar, og iverksett ytterlegare risikoreducerande tiltak ved behov. Det blir gjort løpande rapportering av operasjonelle tapshendingar og internkontrollavvik til leiinga og styret. Etter Covid-19 utbrotet har banken hatt fleire periodar med stengte dører, mindre fysisk kundekontakt, heimekontor m.m. Banken har sett nytten av å ha pålitelege og moderne kommunikasjonskanalar, verktøy og program som har gjort det mogleg å ha ei tilnærma normal drift i ein slik situasjon.

FORRETNINGSRISIKO

Risiko for tap grunna endringar i eksterne forhold som marknadssituasjon eller regulering frå myndigheitene. Risikoen inkluderer også omdømmerisiko. Styring og kontroll med banken sin forretningsriskikrisiko blir basert på banken sin styrefastsette policy. Det ligger ansvar hos alle tilsette å bidra til at kunden sine behov og rettigheter blir tatt vare på ein god måte. Dette betyr at banken skal ha ei god og skikkeleg kundehandsaming som sikrar at banken sine kundar kan ta gode og velinformerte val.

Compliance (etterleving)

Compliancerisiko er risikoen for at banken får offentlege sanksjonar/bøter eller økonomiske tap på grunn av manglande evne til å etterlev lover og forskrifter. Banken vektlegg gode prosessar for å sikre etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Styret fastsett banken sin compliance-policy som skildrar hovudprinsippa for ansvar og organisering. Det blir arbeidd kontinuerleg med å vurdere beste tilpassing til nye reguleringar og nytt regelverk for passe på etterlevinga og effektiviteten i banken. Nye reguleringar og nytt regelverk som verker inn på drifta av banken blir løpande inkludert i rutinar, retningslinjer og styringsdokument. Aktiviteten på compliance-området har vore stor i dei seinare år, særleg knytt opp mot krava innan kvitvasking og personvern. Banken har implementert spesifikke rutinar og retningslinjer for å sikre etterlevinga, og jobbar aktivt for å halde oppe og utvikle dei tilsette sin kompetanse på området.

NOTE 6 - Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet

2020

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet	Brutto utlån			Herav utlån til virkelig verdi	Sum utlån
	Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2		
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	1.989.995	10.998	0		2.000.993
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	332.112	36.373	0		368.485
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	62.716	80.195	0		142.910
Misligholdt og tapsutsatt (risikoklasse 11-12)	0	0	30.918		30.918
Sum brutto utlån	2.384.822	127.566	30.918	0	2.543.306
Nedskrivninger	-2.677	-1.352	-1.199		-5.228
Sum utlån til balanseført verdi	2.382.145	126.214	29.720	0	2.538.079

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet	Personmarkedet			Herav utlån til virkelig verdi	Sum utlån
	Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2		
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	1.768.151	8.012	0		1.776.163
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	120.962	20.408	0		141.370
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	17.832	13.140	0		30.972
Misligholdt og tapsutsatt (risikoklasse 11-12)	0	0	19.321		19.321
Sum brutto utlån	1.906.945	41.560	19.321	0	1.967.826
Nedskrivninger	-312	-326	-650		-1.288
Sum utlån til bokført verdi	1.906.633	41.234	18.671	0	1.966.538

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet	Bedriftsmarkedet			Herav utlån til virkelig verdi	Sum utlån
	Pr. klasse finansielt instrument:	Steg 1	Steg 2		
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	221.844	2.986	0		224.830
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	211.149	15.965	0		227.115
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	44.883	67.055	0		111.938
Misligholdt og tapsutsatt (risikoklasse 11-12)	0	0	11.598		11.598
Sum brutto utlån	477.877	86.006	11.598	0	575.481
Nedskrivninger	-2.365	-1.026	-549		-3.940
Sum utlån til bokført verdi	475.512	84.980	11.049	0	571.541

Ubenyttede kreditter og garantier fordelt på nivå for kredittkvalitet	Ubenyttede kreditter og garantier			kreditter og garantier til virkelig verdi	Sum eksponering
	(Pr. klasse finansielt instrument:)	Steg 1	Steg 2		
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	110.944	19.532	0		130.477
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	21.461	9.124	0		30.585
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	5.931	8.566	0		14.497
Misligholdt og tapsutsatt (risikoklasse 11-12)	0	0	611		611
Sum ubenyttede kreditter og garantier	138.337	37.221	611	0	176.170
Nedskrivninger	-57	-122	0		-179
Netto ubenyttede kreditter og garantier	138.280	37.099	611	0	175.991

2019

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet	Brutto utlån					Maksimal kredittksp.
	Pr. klasse finansielt instrument:	Brutto utlån	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.	
Lav risiko (risikoklasse 1-3)		1.625.528	102.815	17.021	0	1.745.364
Middels risiko (risikoklasse 4-7)		610.899	33.956	13.212	0	658.067
Høy risiko (risikoklasse 8-10)		128.800	4.979	7.231	0	141.010
Misligholdt og tapsutsatt (risikoklasse 11-12)		86.024	466	782	-16.150	103.422
Opptjente renter (ikke klassifisert)		3.387				3.387
Total		2.454.638	142.216	38.246	-16.150	2.651.250
Gruppenedskrivninger						-2.900
Total		2.454.638	142.216	38.246	-16.150	2.648.350

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Personmarkedet				
Pr. klasse finansielt instrument:	Brutto utlån	Ubenyttede			Ind. nedskriv.	Maksimal kredittesp.
		kreditter	Garantier			
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	1.550.963	98820	12.929		0	1.662.712
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	256.155	10272	0		0	266.427
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	66.004	254	164		0	66.422
Misligholdt og tapsutsatt (risikoklasse 11-12)	14.839	0	0		-550	15.389
Opptjente renter (ikke klassifisert)	3.387	0	0		0	3.387
Total	1.891.348	109.346	13.093		-550	2.014.337
Gruppenedskrivninger						-2.900
Total	1.891.348	109.346	13.093		-550	2.011.437

Utlån til kunder fordelt på nivå for kredittkvalitet		Bedriftsmarkedet				
Pr. klasse finansielt instrument:	Brutto utlån	Ubenyttede			Ind. nedskriv.	Maksimal kredittesp.
		kreditter	Garantier			
Lav risiko (risikoklasse 1-3)	74.565	3995	4.092		0	82.652
Middels risiko (risikoklasse 4-7)	354.744	23684	13.212		0	391.640
Høy risiko (risikoklasse 8-10)	62.796	4725	7.067		0	74.588
Misligholdt og tapsutsatt (risikoklasse 11-12)	71.185	466	782		-15.600	88.033
Opptjente renter (ikke klassifisert)	0	0	0		0	0
Total	563.290	32.870	25.153		-15.600	636.913
Gruppenedskrivninger						
Total	563.290	32.870	25.153		-15.600	636.913

Det er innvilga avdragsfritak for lån tilsvarende 5,99% av brutto utlån. Forbearencemarkerte engasjement tilsvarende 1,27% av brutto utlån.

NOTE 7 - Fordeling av utlån

Utlån fordelt på fordringstyper	2020	2019
Kasse-, drifts- og brukskreditter	134.371	151.211
Byggelån	53.936	68.819
Nedbetalingslån	2.355.000	2.234.608
Brutto utlån og fordringer på kunder	2.543.307	2.454.638
Nedskrivning steg 1	-2.677	0
Nedskrivning steg 2	-1.352	0
Nedskrivning steg 3	-1.199	0
Gruppe nedskrivninger	0	-2.900
Individuelle nedskrivninger	0	-16.150
Netto utlån og fordringer på kunder	2.538.079	2.435.588
Utlån formidlet til Eika Boligkreditt AS	649.377	488.059
Utlån inkl. Eika Boligkreditt AS	3.187.456	2.923.647

Brutto utlån fordelt på geografi	2020	2019
Ålesund	1.666.252	1.653.731
Sula	108.355	104.592
Vestnes	198.031	164.592
Fjord	112.104	96.061
Sykkylven	28.769	21.152
Stranda	57.403	43.397
Øvrige i fylket	100.139	104.401
Landet for øvrig	272.255	266.712
Sum	2.543.307	2.454.638

NOTE 8 - Kredittforringa lån

2020

Fordelt etter sektor/næring	Brutto nedskrevne engasjement	Nedskrivning steg 3	Netto nedskrevne engasjement
Personmarkedet	19.321	650	18.671
Næringssektor fordelt:			
Bygg, anlegg	1.449	0	1.449
Varehandel	2.096	200	1.896
Eiendomsdrift og tjenesteyting	4.300	349	3.951
Annen næring	4.364	0	4.364
Sum	31.530	1.199	30.331

Banken har 20,6 mill lån i steg 3 der det ikkje er tatt nedskrivning grunna verdien på sikkerheit. Tala for 2019 var 33,2 mill. Banken har per 31.12.2020 5 mill. nedskrivne engasjement som blir inndrive. Inntekter frå denne aktiviteten blir ført som reduksjon av nedskrivninger. Tal for 2019 var 78,2 mill.

2019

Fordelt etter sektor/næring	Brutto nedskrevne engasjement	Individuelle nedskrivninger	Netto nedskrevne engasjement
Personmarkedet	23.135	550	22.585
Næringssektor fordelt:			
Bygg, anlegg	7.499	1.400	6.099
Eiendomsdrift og tjenesteyting	64.649	14.000	50.649
Annen næring	587	200	387
Sum	95.870	16.150	79.720

Kredittforringede lån

	2020	2019
Brutto misligholdte lån - over 90 dager	12.340	15.348
Nedskrivning steg 3	849	
Individuelle nedskrivninger		1.550
Netto misligholdte lån	11.491	13.798
Andre kredittforringede lån	19.190	71.779
Nedskrivning steg 3	350	
Individuelle nedskrivninger		15.600
Netto kredittforringede ikke misligholdte lån	18.840	56.179
Netto misligholdt og kredittforringede engasjement	30.331	69.977

Kredittforringede lån fordelt etter sikkerheter

Tall i tusen kroner	2020		2019	
	Beløp	%	Beløp	%
Utlån med pant i bolig	18.536	58,8 %	14.839	17,0 %
Utlån med pant i annen sikkerhet	12.043	38,2 %	72.288	83,0 %
Utlån til offentlig sektor	0	0,0 %	0	0,0 %
Utlån uten sikkerhet	951	3,0 %	0	0,0 %
Ansvarlig lånekapital	0	0,0 %	0	0,0 %
Sum kredittforringede utlån	31.530	100,00 %	87.127	100,00 %

NOTE 9 -Forfalte og kredittforringa lån

	Ikke forfalte lån	Under 1 mnd.	Over 1 t.o.m. 3 mnd.	Over 3 t.o.m. 6 mnd.	Over 6 t.o.m. 12 mnd.	Over 1 år	Sum forfalte lån	Kredittforringede lån	Sikkerhet for forfalte lån	Sikkerhet for kredittforringede lån
2020										
Privatmarkedet	1.923.044	36.890	0	4.054	285	3.551	44.781	19.320	88.290	18.823
Bedriftsmarkedet	565.545	5.487	0	0	1.309	3.140	9.936	11.597	11.772	8.606
Totalt	2.488.590	42.377	0	4.054	1.594	6.691	54.717	30.917	100.062	27.429
2019										
Privatmarkedet	1.831.249	41.362	9.353	1.383	3.041	4.960	60.099			
Bedriftsmarkedet	529.627	27.857	0	5.806	0	0	33.663			
Totalt	2.360.876	69.219	9.353	7.189	3.041	4.960	93.762			

Banken har retningslinjer for verdifastsetting av ulike eigendomar og aktivaklasser. For faste eigendomar nyttar vi takst, meglervurdering eller programmet Eiendomsverdi. For omløpsmiddel og anleggsmiddel nyttar vi oppdaterte balanseverdier og rekneskap. Deretter justerer banken verdien av dei ulike aktiva i tråd med retningslinjene.

NOTE 10 - Eksponering på utlån

2020		Ned- skrivning steg 1	Ned- skrivning steg 2	Ned- skrivning steg 3	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ned- skrivning steg 1	Ned- skrivning steg 2	Ned- skrivning steg 3	Maks kreditt- eksponering
Tall i tusen kroner	Brutto utlån									
Personmarkedet	1.967.826	-361	-233	-650	100.687	13.061	-5	-14	0	2.080.311
Næringssektor fordelt:										
Jordbruk, skogbruk og fiske	27.974	-20	-35	0	3.231	90	-1	0	0	31.240
Industri	22.190	-14	-2	0	1.600	289	0	-5	0	24.058
Bygg, anlegg	75.698	-477	-153	0	20.778	5.927	-26	-13	0	101.735
Varehandel	79.532	-490	-416	-200	8.737	7.444	-20	-69	0	94.518
Transport og lagring	9.857	-66	-49	0	861	2.161	0	-10	0	12.754
Eiendomsdrift og tjenesteyting	304.150	-654	-357	-349	4.427	4.980	-5	-5	0	312.186
Annen næring	56.079	-596	-106	0	393	1.502	0	-5	0	57.268
Sum	2.543.307	-2.678	-1.352	-1.199	140.715	35.455	-57	-122	0	2.714.069

2019		Ind. nedskriv.	Ubenytt. kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.	Maks kreditt- eksponering
Tall i tusen kroner	Brutto utlån					
Personmarkedet	1.890.968	550	109.375	21.158		2.022.052
Næringssektor fordelt:						
Jordbruk, skogbruk og fiske	29.990		3.670	115		33.775
Industri	24.291		1.439	289		26.018
Bygg, anlegg	83.952	1.400	16.006	7.941		109.299
Varehandel	72.511		6.846	7.239		86.596
Transport og lagring	9.787		852	2.161		12.800
Eiendomsdrift og tjenesteyting	285.242	14.000	3.065	6.092		308.399
Annen næring	57.898	200	962	1.315		60.375
Sum	2.454.638	16.150	142.216	46.311	0	2.659.315
Gruppenedskrivninger						-2.900
Total	2.454.638	16.150	142.216	46.311	0	2.656.415

NOTE 11 - Nedskrivninger, tap, finansiell risiko

I høve IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert inn i tre steg basert på sannsynlegheit for misleghald (PD) på tidspunktet for innrekning samanlikna med sannsynlegheit for misleghald på balansedagen. Andre indikatorar på vesentleg auke i kredittisiko og/eller kredittforringing er antal dagar med betalingsmisleghald, lemping av vilkår ved finansielle utfordringar samt skjønnsmessige tapsvurderingar. Fordelinga mellom stega blir gjort for det einskilde lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane for nedskrivning i perioda, og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkretter for kvart steg, og inkluderer slike element:

- Overføring mellom stega som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kreditt tap over levetida til instrumentet i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivninger ved utsending av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivninger ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivninger som skuldast endringar i inputvariabler, omrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	252	570	550	1.372
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	4	-120	-50	-165
Overføringer til steg 2	-8	81	0	73
Overføringer til steg 3	-20	-226	300	53
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	122	1	0	123
Utlån som er fraregnet i perioden	-62	-66	-284	-413
Konstaterte tap				0
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-95	-40	134	-1
Andre justeringer	120	125	0	245
Nedskrivninger personmarkedet pr. 31.12.2020	312	326	650	1.288

2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - personmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	1.829.716	53.266	7.986	1.890.968
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	20.205	-20.160	-45	0
Overføringer til steg 2	-17.982	17.982	0	0
Overføringer til steg 3	-6.532	-5.208	11.739	0
Nye utlån utbetalt	573.923	9.104	2.924	585.950
Utlån som er fraregnet i perioden	-492.386	-13.424	-3.283	-509.093
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarkedet pr. 31.12.2020	1.906.945	41.559	19.321	1.967.826

2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	624	1.191	15.600	17.415
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	36	-137	-14.000	-14.101
Overføringer til steg 2	-90	469	0	380
Overføringer til steg 3	-4	-56	200	140
Nedskrivninger på nye utlån utbetalt i året	41	1	92	134
Utlån som er fraregnet i perioden	-113	-159	-1.500	-1.771
Konstaterte tap				0
Endet eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-150	-386	157	-379
Andre justeringer	2.020	103	0	2.123
Nedskrivninger bedriftsmarkedet pr. 31.12.2020	2.365	1.026	549	3.940

2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kunder - bedriftsmarkedet	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2020	444.238	48.386	71.045	563.670
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	55.538	-12.428	-43.110	0
Overføringer til steg 2	-50.104	50.104	0	0
Overføringer til steg 3	-2.204	-2.239	4.442	0
Nye utlån utbetalt	105.942	11.495	2.707	120.144
Utlån som er fraregnet i perioden	-75.534	-9.313	-23.487	-108.333
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarkedet pr. 31.12.2020	477.876	86.006	11.598	575.480

2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2020	72	113	0	184
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	1	-4	0	-3
Overføringer til steg 2	-3	13	0	10
Overføringer til steg 3	-2	-2	0	-4
Nedskrivninger på nye kreditter og garantier	6	60	0	66
Nedskrivninger på ubenyttede kreditter og garantier som er fraregnet i periode	-27	-9	0	-36
Endret eksponering eller endringer i modell eller risikoparametre	-26	-66	0	-92
Andre justeringer	37	18	0	55
Nedskrivninger pr. 31.12.2020	57	122	0	179

2020	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Ubenyttede kreditter og garantier	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2019	146.101	38.324	3.224	187.649
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	314	-314	0	0
Overføringer til steg 2	-2.378	2.378	-178	-178
Overføringer til steg 3	-199	-178	-81	-457
Nye/endrede ubenyttede kreditter og garantier	49.826	3.329	0	53.155
Engasjement som er fraregnet i perioden	-55.327	-8.072	-2.589	-65.988
Brutto balanseførte engasjement pr. 31.12.2020	138.338	37.222	611	174.181

Steg 3 nedskrivninger på utlån og garantier	2020	2019
Individuelle nedskrivninger ved begynnelsen av perioden		15.400
Økte individuelle nedskrivninger i perioden		750
Steg 3 nedskrivninger ved begynnelsen av perioden	16.150	
Økte steg 3 nedskrivninger i perioden	249	
Nye steg 3 nedskrivninger i perioden	500	
Tilbakeføring av steg 3 nedskrivninger fra tidligere perioder	-1.700	
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-14.000	
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	1.199	16.150

Resultatførte tap på utlån, kreditter og garantier	2020	2019
Endring i perioden i steg 3 på utlån(individuelle nedskrivninger i 2019)	-14.951	1.150
Endring i perioden i steg 3 på garantier(individuelle nedskrivninger i 2019)	35	
Endring i perioden i forventet tap steg 1 og 2(gruppevise nedskrivninger i 2019)	1.484	-200
Konstaterte tap i perioden der det tidligere er foretatt nedskrivninger i steg 3 (individuelle i 2019)	17.616	1.233
Konstaterte tap i perioden der der ikke er foretatt nedskrivninger i steg 3 (individuelle i 2019)	0	83
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivninger	0	-11
Periodens renter på lån med tapsavsetning	-875	-898
Tapskostnader i perioden	3.309	1.357

Nedskrivning på unyttede kreditter og garantier er balanseført som gjeldsplikter i rekneskapen.

Som følge av situasjonen med Covid-19 og auka usikkerheit knytt til banken sine bedriftskundar, vart det i løpet av 2020 tatt ei ekstra nedskrivning på 1,850 mill kr. utover utrekna avsetning i høve banken sine modellar. Dette er gjort med utgangspunkt i ein metodikk der ein tek utgangspunkt i risiko per bransje og sektor. Banken har gjort ei sjølvstendig vurdering der ein har overstyrert Eika sine estimat i høve vår kjennskap til kundane, lokale førehald og bransjemessige effekt av Covid-19 utbrotet i lokalsamfunnet. Overstyringa er gjort i all hovudsak i steg 1 og tek ikkje omsyn til statlege støtteordningar.

NOTE 12 - Store engasjement

Pr. 31.12.2020 utgjorde dei 10 største konsoliderte kredittengasjementa i banken 6,05 % (2019: 6,94 %) av brutto engasjement. Banken har to konsoliderte engasjement som blir rapportert som store engasjement, meir enn 10,00 % av ansvarleg kapital. Det største konsoliderte kredittengasjementet er på 14,42 % av ansvarleg kapital.

	2020	2019
10 største engasjement	164.998	183.483
Totalt brutto engasjement	2.719.477	2.643.165
i % brutto engasjement	6,07 %	6,94 %
Netto ansvarlig kapital	351.842	331.104
i % netto ansvarlig kapital	46,90 %	55,42 %
Største engasjement utgjør	13,01 %	13,47 %

Brutto engasjement inkluderer utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer av netto ansvarleg kapital. Engasjementsbeløp før risikovekting og sikkerheiter.

Største engasjement	45.790	44.601
----------------------------	---------------	---------------

NOTE 13 – Sensitivitet

Tapsavsetnadane i denne noten knytter seg til dei modellregkna tapsavsetnadane for engasjement i steg 1 og steg 2. Eventuelle tilleggssavsetnader og tapsavsetnader for engasjement i steg 3 blir haldne utanfor.

Omtale av scenario:

Basis

Nedskrivninger i steg 1 og 2 som omrekna i nedskrivningsmodellen.

Scenario 1: Ingen påverknad frå makromodell

Senarioet syner på kva måte nedskrivningane vil sjå ut med ein konstant "forventning til framtida". Senarioet syner ei forventning om "ingen endringar i økonomien" fram i tid, målt frå 31.12.2020. Ein kan nytte senarioet til å vurdere konsekvenser av framtidforventningene i dei geografiske områda eller bransjane, som har større justeringar.

Scenario 2: Full løpetid på alle avtaler

Senarioet handsamar alle fasilitetar med full løpetid og simulerer korleis nedskrivninga blir endra om alle fasilitetar nyttar kontraktuell løpetid. Nedskrivningsmodellen tar elles for steg 1 eitt års løpetid og for steg 2 ei gjennomsnittleg venta løpetid ved rekning av nedskrivninger.

Scenario 3: PD 12 mnd. økt med 10 %

Endringa, som følgje av ei 10 % stigning i sannsynlegheit for default senarioet, syner effekten ved ei isolert stigning i 12 mnd. PD. Effekten er ei mogleg endring i stegfordeling og justering av ratingbånd til rekning på PD liv-kurven for kundar i steg 2. Senarioet gjenrekner ikkje PD liv som avleda faktor for ikkje å øydelegge effekten ved isolert endring av PD 12 mnd.

Scenario 4: PD 12 mnd. minka med 10 %

Endringa, som følgje av eit 10% fall i sannsynlegheit for default senarioet, syner effekten ved eit isolert fall i 12 mnd. PD. Effekten er ei mogleg endring i stegfordelinga og justering av ratingbånd til rekning på PD liv-kurven for kundar i steg 2. Senarioet gjenrekner ikkje PD liv som avleda faktor for ikkje å øydelegge effekten ved isolert endring av PD 12 mnd.

Scenario 5: LGD justert til å simulere 30 % fall i bustadprisar

LGD, tap gitt misleghald, er endra slik at det simulerer ein nedgang i bustadprisar på 30 %, noko som vil gje store tap ved realisasjon.

Scenario 6: Forventning til framtida der nedsidescenarioet blir vekta 100 %

Senarioet skildrar på kva måte nedskrivninga vil sjå ut med ei "forventning til framtida" kun basert på nedsidescenarioet.

Avsatte tap på utlån, kreditter og garantier	Basis	Scenario 1	Scenario 2	Scenario 3	Scenario 4	Scenario 5	Scenario 6
Steg 1	931	921	975	983	862	1.334	941
Steg 2	1.381	1.406	1.513	1.499	1.291	1.878	1.516

NOTE 14 – Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken i ein gitt situasjon ikkje er i stand til å refinansiere seg i høveleg grad til at banken kan møte sine plikter. Det er i hovudsak 3 ting som verker inn på likviditetsrisiko;

1) balansestruktur: Banken har liten skilnad i omløpsfart og bindingstid på aktiva og passiva, og har såleis eit lite refinansieringsbehov.

2) likviditeten i marknaden: Denne er vurdert til god basert på fallande risikopåslag og høy aktivitet i obligasjonsmarknaden fra medio 2. kvartal i 2020.

3) kredittverdighet: Kredittverdighet kjem til uttrykk gjennom banken sin rating. Viktige element i ratingen er banken sin soliditet, likviditet, inntening, risikoprofil og porteføljekvalitet. Banken er ratet på same nivå som bankar man kan samanlikne seg med og har BBB+ som rating pr. 30.06.2020.

2020

Avtalt løpetid for hovedposter i balansen

	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Uten løpetid	Totalt
Kontanter og kontantekvivalenter						4 310	4 310
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og sentralbanker						134 144	134 144
Netto utlån til og fordringer på kunder	11 131	40 885	219 114	356 068	1 910 880		2 538 079
Obligasjoner, sertifikat og lignende	5 014	5 015	24 130	187 169			221 328
Finansielle derivater			2	27	2		31
Øvrige eiendeler						96 915	96 915
Sum eiendeler	16.145	45.900	243.246	543.264	1.910.882	235.369	2.994.807
Gjeld til kredittinstitusjoner		50 028	30 410	150 209		24 084	254 732
Innskudd fra og gjeld til kunder		638 858	54 409	1 258		1 396 011	2 090 536
Obligasjonsgjeld			100 261	150 262			250 523
Finansielle derivater			24	289	5		318
Øvrig gjeld						22 594	22 594
Ansvarlig lånekapital				40 079			40 079
Sum gjeld	0	688.886	185.104	342.097	5	1.442.689	2.658.782
Netto	16 145	- 642 986	58 142	201 167	1 910 877	-1 207 320	336 025

Garantier

2019

Avtalt løpetid for hovedposter i balansen

	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Uten løpetid	Totalt
Kontanter og kontantekvivalenter						4 549	4 549
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og sentralbanker						80 928	80 928
Netto utlån til og fordringer på kunder	10 192	47 153	180 392	230 111	1 967 740	0	2 435 588
Obligasjoner, sertifikat og lignende		7 064	11 069	49 014	137 281		204 428
Finansielle derivater							
Øvrige eiendeler						84 156	84 156
Sum eiendeler	10.192	54.217	191.461	279.125	2.105.021	169.633	2.809.648
Gjeld til kredittinstitusjoner						182 948	182 948
Innskudd fra og gjeld til kunder		654 740		3 899		1 307 210	1 965 849
Obligasjonsgjeld			50 251	250 887			301 138
Finansielle derivater							0
Øvrig gjeld						18 633	18 633
Ansvarlig lånekapital			30 259				30 259
Sum gjeld	0	654.740	80.510	254.786	0	1.508.791	2.498.828
Netto	10 192	- 600 523	110 951	24 339	2 105 021	-1 339 159	310 820

Garantier

NOTE 15 - Valutarisiko

Banken har kun ei mindre kontantbeholdning på 4,3 mill. kr og har elles ingen aktiva- eller passivapostar i utlandsk valuta pr. 31.12.2020

NOTE 16 - Kursrisiko

Kursrisiko på verdipapir er risikoen for tap som kan oppstå ved endringer i verdien på obligasjoner og egenkapitalpapir som banken har investert i. Banken har etablert rammer for investeringar. Investeringar ut over ramme skal godkjennes av banken sitt styre.

